



Statsforvaltaren i Oslo og Viken

# Tilsynsrapport

Kommunen sitt arbeid for å sikra eit trygt og godt skulemiljø

Gol kommune og Gol skule





## Samandrag

Statsforvaltaren fører tilsyn med Gol kommune. Temaet for tilsynet er om kommunen arbeider for eit trygt og godt skulemiljø. Under dette temaet kontrollerer vi om kommunen gjennom internkontroll sikrar at skulen oppfyller varslingsplikta og undersøkingsplikta i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.<sup>1</sup>

Det overordna formålet med tilsynet er å kontrollera om kommunen oppfyller krava i regelverket.

I denne rapporten har vi konkludert med at risikovurderinga til kommunen no er tilstrekkeleg tilpassa og dekkande for tilsynstemaet, men må følgjast opp. Dette arbeidet har kommunen allereie initiert.

Kommunen følgjer opp og arbeider jamleg med internkontroll på skulemiljøområdet. Skulen og kommunen har utarbeidd rutinar og prosedyrar (handlingsplan) for å sikra elevane på skulen eit trygt og godt skulemiljø. Planen tek for seg varslingsplikta, undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta. Planen var i desember 2022 (tidspunktet for førebels tilsynsrapport) ikkje tilstrekkeleg tilpassa lovkrava på alle område.

I undersøkingane våre fann vi ulik forståing og praksis på skulen i skulemiljøsaker. Vi meiner dette kan føra til at ikkje alle saker blir varsla raskt nok og undersøkte godt nok. Det kan også føra til at sakene ikkje blir godt nok dokumenterte.

Vi meiner derfor at internkontrollen til kommunen i desember ikkje var tilstrekkeleg tilpassa for å fanga opp avvik eller risiko for avvik når det gjeld aktivitetsplikta. Kommunen hadde heller ikkje evaluert og gjort nødvendige forbetringar av eigne prosedyrar.

Gol kommune har fått ein førebels tilsynsrapport og har uttalt seg om denne innan fristen.

Kommunen har gjort rettingar av dokument i tidsrommet mellom førebels rapport og no. I enkelte tilfelle er endringane og rettingane som kommunen no har gjort, nok til å oppfylla lovkravet. Vi har då kommentert dette i rapporten. I andre tilfelle må kommunen visa til endringar og implementering av desse i forklaringa og erklæringa til oss for å lukka brota.

Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Sjå nærare om kva dette pålegget inneber i kapittel 3, *Statsforvaltaren sine reaksjonar*.

Kommunen har rettefrist til **08.09.2023**.

---

<sup>1</sup> Jf. opplæringslova (oppl.) §§ 9 A-4 og 9 A-5 og kommunelova § 25-1.



## Innhald

<b>Samandrag .....</b>	<b>2</b>
1 Innleiing .....	4
1.1 Kort om Gol kommune .....	4
1.2 Tema for tilsynet .....	4
1.3 Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
2 Skulemiljø og internkontroll .....	5
2.1 Rettslege krav .....	5
2.2 Observasjonane våre, vurderingar og konklusjonar .....	8
2.2.1 Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å hindra eller førebyggja brot på varslingsplikta, undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta? .....	8
2.2.2 Avdekkjer og følgjer kommunen opp med korrigerande tiltak for å hindra eller førebyggja risikoen for at varslingsplikta, undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt? .....	16
2.2.3 Varslar alle som arbeider på skulen, ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen? .....	21
2.2.4 Varslar rektor til skuleeigar i alvorlege tilfelle og ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen har krenkt ein elev? .....	23
2.2.5 Varslar alle som arbeider på skulen i tide, avhengig av alvorsgrada til situasjonen? ..	25
2.2.6 Dokumenterer skulen kva som blir gjort for å oppfylla varslingsplikta? .....	26
2.2.7 Undersøker skulen saka så raskt som saka tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø? .....	28
2.2.8 Undersøker skulen/skuleeigar saka straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein som arbeider på skulen? .....	29
2.2.9 Gjennomfører skulen/skuleeigar dei undersøkingane som ut frå ein fagleg standard innanfor rimelege grenser kan forventast? .....	31
2.2.10 Dokumenterer skulen og skuleeigar kva som blir gjort for å oppfylla undersøkingsplikta? .....	34
3 Statsforvaltaren sine reaksjonar .....	35
3.1 Pålegg om retting .....	35
3.2 Oppfølging av pålegga .....	36
4 Kommunen har rett til å klaga.....	36
5 Dokument .....	38



# 1 Innleiing

Statsforvaltaren fører tilsyn med offentlege skular.<sup>2</sup>

I tilsyn kontrollerer vi om kommunane oppfyller opplæringslova med forskrifter. Vi kan også føra tilsyn med kommunen si plikt til å ha internkontroll.

Dersom vi konkluderer med at kommunen ikkje følgjer regelverket, kan vi påleggja retting. Vi gir derfor eventuelle pålegg til kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova med forskrifter blir oppfylte.<sup>3</sup>

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentlegheitslova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om korleis vi behandlar personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

## 1.1 Kort om Gol kommune

Gol kommune ligg i dalføret Hallingdal i Viken fylke og har 4735 innbyggjarar (SSB). Kommunen har éin grunnskule, Gol skule. Skulen har 488 elevar på 1.–10. trinn (Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) 2021-2022). Kommune har også eit læringscenter som gir tilbod om grunnskuleopplæring, spesialundervisning og undervisning i norsk med samfunnsfag for framandspråklege. I tillegg har kommunen ein vidaregåande skule og ein folkehøgskule.

## 1.2 Tema for tilsynet

Tema for tilsynet er om kommunen gjennom internkontroll sikrar at skulen og kommunen som skuleeigar oppfyller plikta til å varsle og undersøka der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller at ein elev blir krenkt av ein som arbeider på skulen.<sup>4</sup>

Vi har ikkje sett på korleis kommunen oppfyller andre krav i regelverket.

Formålet med tilsynet er å kontrollera om kommunen oppfyller krava i regelverket og slik bidrar til auka rettstryggleik for elevane.

## 1.3 Om gjennomføringa av tilsynet

Statsforvaltaren opna tilsyn med Gol kommune i brev av 13.06.2022. Vi har undersøkt kommunen sitt system for internkontroll, men også kva praksis kommunen har når det gjeld avgjerder om skulemiljø i opplæringslova. Vi har undersøkt praksisen i kommunen og ved Gol skule.

---

<sup>2</sup> Jf. oppl. § 14-1 første leddet, jf. kommunelova kapittel 30.

<sup>3</sup> Jf. oppl. § 13-10.

<sup>4</sup> Jf. oppl. §§ 9 A-4 og 9 A-5, og kommunelova § 25-1



Kommunen vart pålagt å svara i RefLex og levera dokumentasjon til oss. Kommunen har også gjort greie for eigen praksis. Vi har også gjennomført intervju med elevar, tilsette og leiarar ved skulen og SFO, og ein leiar i kommunen.

Vi sende førebels tilsynsrapport til kommunen 22.12.2022. Våre vurderingar og konklusjonar baserer seg på dette konkrete kjeldematerialet og tek utgangspunkt i status, desember 2022.

Kommunen har kommentert innhaldet i rapporten innan fristen.

Kommunen har gjort rettingar av dokument i tidsrommet mellom førebels rapport og no. Vi har behandla kommentarane under kvart av dei aktuelle temaa. Andre kommentarar som gjeld mindre korrigeringar har i denne rapporten vorte retta utan merknadar.

I vår førebelse tilsynsrapport viste vi til kommunen si årsmelding og skreiv at «*Gol kommune har frå 2022 teke i bruk ein modul i Samsvar som heiter Kommuneplikter*». Kommunen har i kommentaren sin forklart at dette er feil. Prosjektet Samsvar – kommuneplikter vart tidleg i 2022 stoppa av rådmannsutvalet i Hallingdal. Vi har difor endra teksten i rapporten og ikkje brukt dette i vurderingane våre knytt til internkontrollen.

Kommunen skriv også at han har, etter førebels tilsynsrapport, revidert handlingsplanen på sentrale punkt og gått gjennom rutinar som gjeld varsling og dokumentasjon med kollegiet ved Gol skule. I tillegg har kommunen utarbeidd ROS-analysar som gjeld skulen og kommunen si oppfølging av ulike sider av arbeidet med opplæringslova (oppl.) kap. 9 A.

Fleire av kommunen sine kommentarar til førebels tilsynsrapport viser til endringar i handlingsplanen og vedlegg til denne. Vi bad difor kommunen om å få sendt over planen, saman med kommentarane. Kommunen sende denne til oss saman med skuleeigar sitt system for internkontroll og risikokartleggingar.

I enkelte tilfelle er endringane og rettingane som kommunen no har gjort, nok til å oppfylle lovkravet. Vi har då kommentert dette i rapporten. I andre tilfelle må kommunen visa til endringar og implementering av desse i forklaringa og erklæringa til oss for å lukka brota.

Vi gjer no vedtak gjennom denne rapporten, med pålegg om retting.

## **2 Skulemiljø og internkontroll**

### **2.1 Rettslege krav**

Alle elevar i grunnskulen og i vidaregåande opplæring har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.<sup>5</sup> Retten er individuell, og det er eleven si subjektive oppleving som avgjer om skulemiljøet er trygt og godt.

For å sikra retten til eit trygt og godt skulemiljø, har skulen ei aktivitetsplikt.<sup>6</sup> Aktivitetsplikta inneheld fem delplikter, som er plikta til å følgja med, gripa inn, varsla, undersøkja og setja inn tiltak. I dette tilsynet skal vi undersøkja om kommunen gjennom internkontrollen sikrar at skulen

---

<sup>5</sup> Jf. oppl. §§ 9 A-1 og 9 A-2.

<sup>6</sup> Jf. oppl. §§ 9 A-4 og 9 A-5.



og skuleeigar varslar og undersøker dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen. Vidare kontrollerer vi om kommunen sikrar at saka blir undersøkt ved mistanke om eller kjennskap til at det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga.

I tilsynet er det eit gjennomgåande tema om skulen og skuleeigar har vurdert omsynet til barnet sitt beste. Skulen skal vidare sørgja for at involverte elevar blir høyrde.

Skulen skal dokumentera kva som blir gjort for å oppfylle delpliktene i aktivitetsplikta. Dette er òg eit gjennomgåande tema i tilsynet.

For at aktivitetsplikta skal vera oppfylt, må skulen gjera det som det er rimeleg å forventa gjennom heile saksforløpet.

### **Kravet til internkontroll**

Kommunen skal ha internkontroll med verksemda til administrasjonen for å sikra at lover og forskrifter bli følgde.<sup>7</sup> Kravet er eit viktig element i kommunen si leiing og styring. Kommunedirektøren har ansvar for at kravet til internkontroll blir oppfylt,<sup>8</sup> men kan delegera oppgåver knytte til internkontrollen. Kommunedirektøren er likevel ansvarleg og må følgja opp at oppgåvene blir varetekne.

Kommunen skal gjennomføra risikovurderingar for å tilpassa omfanget av internkontrollen til dei områda der risikoen og behovet er størst. Område med stor risiko for regelverksbrot vil ofte krevja betre styring og kontroll gjennom fleire tiltak, som for eksempel meir standardisering og tettare oppfølging, enn område der det sjeldan sviktar.

Krava til innhaldet i internkontrollen som går fram av kommunelova § 25-1 tredje leddet bokstavane a-e, må sjåast i samanheng med første og andre leddet i føresegna.

Kommunen skal omtala hovudoppgåver, mål og organisering, og gje oversikt over korleis han har fordelt oppgåver og myndigheit. Ut frå risikoen skal kommunen vurdere kva for rutinar og prosedyrar som er nødvendige, og i kva grad dei skal vere skriftlege. Kommunen skal gjera rutinane kjende og tilgjengelege for dei som treng å veta om dei. Kommunen må jamleg skaffa seg oversikt over område med risiko for avvik og setja inn tiltak for å førebyggja og hindra regelverksbrot. Kommunen må ha klare rapporteringslinjer, vurdere kva for område dei skal følgja med på, og korleis dei skal innhenta informasjon eller bli informerte av skulen. Kommunen må handtera avvik på ein måte som sørgjer for at regelverksbrot både blir rapporterte og følgde opp. Kommunen skal dokumentera internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig. Dette må dei avgjera ut frå risikobiletet og formålet med internkontrollen. Kommunen skal halda seg jamleg orientert om tilstanden i skulen, evaluera og ved behov forbetra skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll.

I tilsynet undersøker vi om internkontroll til kommunen er tilpassa for å kunne førebyggja og hindra regelverksbrot etter kommunelova § 25-1, og korleis leiinga følgjer opp og kontrollerer

---

<sup>7</sup> Jf. kommunelova § 25-1 første leddet.

<sup>8</sup> Jf. kommunelova § 25-1 andre leddet.



arbeidet med skulemiljøet. Kommunen må kunne gjera greie for korleis dei oppfyller kravet til internkontroll.

### **Plikta til å varsla**

Alle som arbeider på skulen, skal varsla rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.<sup>9</sup> Tidspunktet for når rektor skal bli varsla, må ein vurdera konkret i den enkelte saka. Barnet sitt beste vil vera eit grunnleggjande omsyn i denne vurderinga. Rektor skal varsla skuleeigar i alvorlege tilfelle.

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, krenkjer ein elev, skal vedkomande straks varsla rektor.<sup>10</sup> I tillegg skal rektor varsla skuleeigar. Dersom mistanken eller kjennskapen gjeld ein i leiinga på skulen, skal den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga, straks varsla skuleeigar direkte.<sup>11</sup>

Det bli ikkje stilt noko formkrav til varsla. Alle som arbeider på skulen, må kjenna til korleis og når varsling skal skje.

### **Plikta til å undersøka saka**

Skulen skal snarast undersøka saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.<sup>12</sup> Dersom saka gjeld krenking frå ein som arbeider på skulen, skal undersøkingane bli sette i verk straks.<sup>13</sup> Kven på skulen som skal undersøka saka på vegner av skulen, må skulen fastsetja konkret.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar sørgja for at undersøkingane blir sette i gang straks.<sup>14</sup>

Undersøkinga skal ha som formål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for eleven si oppleving og kva for forhold i omgjevningane til eleven som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. Skulen skal gjera dei undersøkingane som etter ein fagleg standard er rimeleg å forventa i den enkelte saka. For å kunne setja inn tiltak til barnet sitt beste i ein konkret situasjon, må skulen gjera nødvendige undersøkingar.

Alle barn har rett til å bli høyrde i saker som vedkjem dei.<sup>15</sup> Skulen og skuleeigar må oppfylle elevane sin rett til å bli høyrde for å oppfylle undersøkingsplikta. Dette omfattar ikkje berre den eleven som skulen mistenkjer eller kjenner til at ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, men også andre elevar som er direkte påverka eller involverte i saka.

Kor raskt ein skal undersøka saka, må vurderast opp mot kva som etter ei fagleg vurdering er rimeleg å forventa. Her er omsynet til barnet sitt beste eit viktig moment. Når det er mistanke om

---

<sup>9</sup> Jf. oppl. § 9 A-4 andre leddet.

<sup>10</sup> Jf. opplæringslova § 9 A-5.

<sup>11</sup> Jf. oppl. § 9 A-5.

<sup>12</sup> Jf. oppl. § 9 A-4 tredje leddet.

<sup>13</sup> Jf. oppl. § 9 A-5.

<sup>14</sup> Jf. oppl. § 9 A-5.

<sup>15</sup> Jf. Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen art. 12.



eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev, blir det stilt særleg skjerpa krav til framdrift i saka.<sup>16</sup> Skulen og skuleeigar må undersøkje effektivt og så raskt som mogleg.

## **2.2 Observasjonane våre, vurderingar og konklusjonar**

### **2.2.1 Er kommunen sin internkontroll tilpassa for å hindra eller førebyggja brot på varslingsplikta, undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta?**

*Risikovurderingar er ein sentral del av føresegna om internkontroll,<sup>17, 18</sup> og skal mellom anna vera ein del av grunnlaget for utforminga av internkontrollen. Kommunen skal vurdere sannsynet for at lover og forskrifter ikkje blir følgt, og kva konsekvensar dette i så fall kan få. Hensikta med risikovurderingar er å kunna tilpassa omfang og innretning på internkontrollen, og gjera internkontrollarbeidet meir målretta mot der risikoen og behovet er størst.<sup>19</sup> Det blir ikkje stilt formkrav til risikovurderingane, men vurderingane må gjennomførast på ein systematisk måte.<sup>20</sup>*

*Kommunen må vidare ha dei rutinane og prosedyrane som er nødvendige for å sikra regelverksetterleving.<sup>21</sup> Desse må vera baserte på ei konkret vurdering av mellom anna risiko for avvik. Det er ikkje eit krav om at rutinar og prosedyrar skal vera skriftlege, men skriftlege rutinar vil ofte vera nødvendig. Kommunen må gjera rutinane kjent og tilgjengelege for dei som treng å vita om dei.<sup>22</sup>*

### **Organiseringa og internkontrollen til kommunen**

Gol kommune er organisert med ein kommunedirektør og ein kommunalsjef for oppvekst og kultur som rapporterer til direktøren. På oppvekstområdet har kommunen vidare ein verksemdsleiar for skule. Gjennom delegering er kommunalsjefen direkte underlagd rådmann og er gitt det heile og fulle ansvaret for sektoren kultur og oppvekst. Ansvaret omfattar fagleg innhald og utvikling, i tillegg til personalmessige, organisatoriske og økonomiske forhold. Avdelingsleiar (rektor) er direkte underlagd kommunalsjefen og er gitt det heile og fulle ansvaret for avdelinga. Ansvaret omfattar fagleg innhald og utvikling, i tillegg til personalmessige, organisatoriske og økonomiske forhold. Både kommunalsjefen og rektor skal rapportera om avvik som gjeld internkontroll og HMS, økonomisk internkontroll og kvalitetssikring. (Opplysningane er henta frå nettsida til kommunen, organisasjonskart, delegeringsreglement, etiske retningslinjer.<sup>23</sup>)

I *Årsmelding 2021 – Gol kommune*,<sup>24</sup> under overskrifta Organisasjon og medarbeidarar, beskriv kommunen si eiga internkontroll og dei overordna styringsdokumenta. Her blir mellom anna

---

<sup>16</sup> Jf. oppl. § 9 A-5.

<sup>17</sup> Jf. kommunelova § 25-1 andre leddet.

<sup>18</sup> Jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2021), *Internkontroll i kommunesektoren – Kravene i kommuneloven* punkt. 2.3.3.

<sup>19</sup> Jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2021), *Internkontroll i kommunesektoren – Kravene i kommuneloven* punkt. 2.3.3.

<sup>20</sup> Jf. *Prop.46 L (2017–2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)*. Kap. 30 Merknader til de enkelte bestemmelsene i lovforslaget - Kap. 25 Til § 25-1 Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen.

<sup>21</sup> Jf. kommunelova § 25-1 tredje leddet bokstav b.

<sup>22</sup> Jf. *Prop.46 L (2017–2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)*. Kap. 30 Merknader til de enkelte bestemmelsene i lovforslaget - Kap. 25 Til § 25-1 Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen.

<sup>23</sup> <https://www.gol.kommune.no/meny/politikk-og-innsyn/>

<sup>24</sup> *Årsmelding 2001*





delegeringsreglement, etiske retningslinjer og reglement for varsling nemnt. Årsmeldinga omtalar også avviksregistrering og handtering. Kommunen skriv følgjande:

*Gol kommune nyttar eit kvalitetssystem. Kvalitetssystem er eit styringssystem, og omfattar meir enn eit internkontrollsystem. I tillegg til at kvalitetssystemet fungerer som vårt daglege internkontrollsystem, skal det og oppfylle dei krav vi som kommune stiller til oss sjølv (interne krav, prosedyrar og rutinar), samt eksterne krav, til dømes frå lov- og forskrifter, tilsynsorgan, brukarar eller tredjepartar. Vidare skriv kommunen; «Avvikshandtering er eit svært viktig område i alt kvalitetsarbeid. Formålet med avvikssystemet er å fange opp brot på rutinar, prosedyrar, lover og forskrifter, og identifisere tilhøve som kan initiere læring, førebygging og forbettringsprosessar.*

I årsmeldinga er det registrert to avvik for Gol skule for 2021.

Kommunen har i eige skriv til oss gjort greie for skuleeigar sitt system for internkontroll med skulen. Dei skriv at avviksmeldingar blir gjennomgått kvar sjette veke i medbestemmingsmøter, at *Utvalet for kultur og levekår (UKL)* årleg har sak om *Elevundersøkinga* og *Tilstandsrapporten* og andre sider ved skuledrifta, og at det årleg blir utarbeidd ein tilstandsrapport der det psykososiale miljøet er eitt av temaa. FAU og *Samarbeidsutvalet (SU)* handsamar også *Elevundersøkinga* og *Tilstandsrapporten*. *Tilstandsrapporten* blir også handsama i kommunestyret. Vidare skriv dei at kommunestyret i 2018 vedtok at det frå 2019 skulle opprettast eit kommunalt beredskapsteam mot mobbing som skal møtast ved skulestart og elles etter behov. Kommunalsjefen skriv også at han har jamleg kontakt med rektor og at rektor omgåande melder frå om saker som vedkjem det psykososiale miljøet. Vidare skriv kommunen at skulen har utarbeidd *Handlingsplan for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø på Gol skule* (heretter omtalt som handlingsplan). Planen gjer greie for lovverk, prosedyrar for å følgja med på for å avdekka mobbing og krenkande åtferd, prosedyrar ved krenkande åtferd og prosedyrar for å setja inn tiltak. Handlingsplanen blir gjennomgått med alle tilsette kvar haust (august) og revidert.

Kommunalsjefen har også peika på *Sjekkliste for krav i opplæringslova* (per 11.06.2022) som blir ajourført kvart år i august og drøfta med rektor. Lista inneheld ein oversikt over sentrale føresegner (lov, forskrift, regelverk), praksisen til kommunen (sjekkpunkt) og interne dokument og rutinar. Det står også kven som er ansvarleg for oppgåva, og det finst eit eige felt for kvittering for at oppgåva er utført. For opplæringslova § 9 A-4 står det at «*Det er utarbeidd ein skriftleg handlingsplan mot mobbing, revidert 2021*».

I intervjuet viste kommunalsjefen også fram avvikssystemet. Tilsette kan her melda inn avvik og det er til no meldt inn saker på elevskade og bemanningsnorm. Han fortel samstundes at avvikssystemet ikkje hadde vore snakka om den siste tida.

### **Observasjonane våre – Risikovurderingar**

Kommunen har gjort ei konkret risikokartlegging, knytt til eleven si oppleving av eit trygt og godt psykososialt skulemiljø og til risikoen for krenkingar. Risikokartlegginga omfattar krenkande ord og handlingar utført av eleva og tilsette, inkludert leiinga. Kartlegginga er framstilt som ei matrise der hyppigheit og konsekvens er markert med høvesvis grøn, gul eller raud farge. Risikokartlegginga er ajourført 28.08.2022.



I intervju forklarer kommunalsjefen at ROS-vurderinga prøver å beskriva om visse ting er pårekelege, om visse ting er sannsynlege og om noko er ikkje akseptabelt, og vidare om dette gjer at ein må setja inn tiltak. Der matrisa viser gul eller raudt, er det nødvendig med tiltak. Kommunen har på bakgrunn av risikokartlegginga ikkje vist til oppfølgjande tiltak.

I oppfølgjande spørsmål svarer kommunalsjefen at han legg til grunn at rektor og tilsette gjer det dei er pålagde å gjera i samsvar med rutinane. Han utdjupar at ei risikovurdering av om tilsette melder frå, måtte ta utgangspunkt i eit spørsmål om tilsette gjorde dette eller ikkje og kunne bli oppfatta som ein kontroll. Kommunalsjefen uttrykkjer at han er sikker på at dersom det vart oppdaga feil, ville han ha fått melding om dette. Feil ville også ha vorte fanga opp i ulike samarbeidsforum eller på andre arenaer og vorte tekne opp direkte med han eller på systemnivå. Kommunalsjefen gir uttrykk for at det er ein god dialog på alle nivå i kommunen og fleire møtepunkt. Skulemiljøet og resultatata frå *Elevundersøkinga* blir også handsama politisk. Systemet gjer at dei greier å avdekkja regelverksbrot. På spørsmål om kommunen har gjort ei risikovurdering knytt til moglege brot på aktivitetsplikta til skulen, svarar kommunalsjefen at dette ikkje er gjort, men at han sjølvsagt hadde agert dersom han hadde fått tilbakemeldingar om at ting ikkje var greitt. Kommunalsjefen gir vidare uttrykk for at han vil følgja opp dette og kartlegga risikoen for regelverksbrot når det gjeld skulemiljø og aktivitetsplikta.

### **Vurderingane våre - Risikovurderingar**

Vi ser at kommunen og skulen arbeider med internkontrollen på skulemiljøområdet og at kommunen har gjennomført ein risikoanalyse. Ved at kommunen gjennomfører risikoanalysen sin, gjennomfører også *skulen* risikoanalyse sin, då det berre er éin grunnskule i kommunen. Risikovurderinga er knytt til eleven si oppleving av eit trygt og godt psykososialt skulemiljø og førekomsten av krenkande ord og handlingar.

Grunnlaget for risikobasert internkontroll er å etablera tryggleik for at arbeidsformer, rutinar og kontrollar i tilstrekkeleg grad er forsvarlege og sikrar god kvalitet. Kommunen må derfor identifisere arbeidsoppgåver og situasjonar der det er viktig at skulen ikkje feilar eller mislykkast, og prosessar eller dokumentasjonskrav der feil, forgløymingar og manglar kan få alvorlege konsekvensar. Når det gjeld tilsynstemaet og aktivitetsplikta til skulen, meiner vi internkontrollen og ROS-analysen til kommunen bør omhandla arbeidsoppgåver som medarbeidarar kan oppleve som vanskelege å vurdera. Det kan til dømes vera plikta til å varsla, og oppgåver som blir utførte ulikt, slik som plikta til å undersøkje og dokumentera. Vi kan ikkje sjå at risikovurderingane til kommunen har som siktemål å fanga opp brot på lover og forskrifter, eventuelle manglande rutinar eller å sikra at aktivitetsplikta blir oppfylt.

#### *Kommunen si tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Kommunen har etter førebels rapport sendt inn nye risikovurderingar knytte til

- eleven si oppleving av eit trygt og godt skulemiljø,
- avdekkja mobbing,
- varsel til rektor og skuleeigar,
- oppfølging av saker,
- dokumentasjon
- og at brot på rutinar blir meldt som avvik.



Vi meiner at kommunen sitt arbeid med risikovurderingar no er tilpassa for å hindra brot på varslingsplikta, undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta. Kommunen må følgja opp risikovurderinga vidare gjennom den årlege gjennomgangen som er initiert. Kommunen må visa korleis dette arbeidet gjerast og kva kjelder kommunen brukar i vurderinga si.

Vi noterer oss at kommunen si risikovurdering er knytt til om dei tilsette handlar i tråd med skulen sin handlingsplan. Kommunen bør endra dette til at dei tilsette handlar i tråd med lovkravet.

## **Observasjonane våre - Rutinar og prosedyrar**

### Avvikssystem

Rektor meiner avvikssystemet i kommunen er rett stad for å melda frå om regelverksbrot, men trur dei fleste tilsette ville ha oppsøkt han og sagt frå. 9 A-saker kan meldast inn som avvik, men først etter at tiltak er prøvde ut. Rektors oppfatning blir bekrefta i intervju med dei tilsette. I intervju med dei tilsette kjem det samstundes fram at avvikssystemet er kjent, men sjeldan i bruk og at dette ikkje blir knytt opp mot skulemiljøsaker. Fleire tilsette uttrykkjer at dei også er usikre på korleis dette blir brukt. Avvikssystemet har vorte brukt inneverande skuleår for å melda avvik på inspeksjon og symjeopplæring.

### Kjennskap til rutinar

Som nemnt har skulen/kommunen utarbeidd ein handlingsplan og vedteke denne i SU i juni 2021. I planen står det korleis skulen jobbar for å oppfylloa lovverket. Planen beskriv også korleis skulen førebyggjer mobbing og krenkande åtferd, og korleis skulen handlar når mobbing og/eller krenkande åtferd blir oppdaga eller varsla. Planen omfattar også delar av internkontrollen til skulen, og peikar på at planane og rutineane må vera innarbeidde og må følgjast av personalet når det blir jobba med saker som rører ved det psykososiale miljøet til elevane, og at rektor skal følgja med og har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt og planmessig. Det står vidare at handlingsplanen blir gjennomgått med dei tilsette kvar haust og at skulen skal evaluera det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet sitt kvart år i personalmøte, elevråd, FAU og skulemiljøutval.

Rektor fortel i intervju at planen nyleg er utarbeidd, og at han sjølv tok initiativ til å utarbeida planen då han starta i jobben. Planen er enno ikkje revidert. Han fortel vidare at han også held kommunalsjefen løypande orientert om arbeidet, både i uformelle møte og i formelle samarbeidsforum. Kommunalsjefen bekreftar dette i intervju og fortel at rektor er delegert ansvaret for oppfølginga av skulemiljøet og har utarbeidd handlingsplanen, med innspel frå han sjølv. Han fortel også at planen skal vere eit praktisk hjelpemiddel i arbeidet til skulen med det psykososiale miljøet som blir bruke kvar gong det er ei sak/hending som kan knytast opp mot oppl. kap. 9 A.

På skulenivå er det ingen eigen gjennomgang av planen, men ei forventning om at kvar enkelt lesar han. Det blir heller ikkje gjennomført ein løypande kontroll gjennom året av om planen blir bruka. I intervju med dei tilsette kjem det fram at handlingsplanen er kjent for dei. Denne har dei vorte bedne om å lesa og vidare signera for at dette er gjort.

### Varsling

I eit eige kapittel (kapittel 3 i handlingsplanen) blir skulens rutinar og prosedyrar omtalt, og det er her ansvaret og meldeplikta til dei tilsette blir beskriven. Når ein tilsett ved skulen blir merksam



på at ein elev opplever krenkande åtferd eller mobbing, har den tilsette plikta til å gripa inn og melda frå til kontaktlærer eller til leiinga. Planen inneheld ikkje informasjon om korleis meldinga blir dokumentert dersom meldeskjemaet/varsel ikkje blir brukt. Planen kan lesast som om elevar og tilsette er omfatta av meldeplikta. (Statsforvaltaren minner derfor om at aktivitetsplikta gjeld dei tilsette på skulen eller personar som oppheld seg jamleg på skulen. Forarbeida inkluderer ikkje elevar og føresette).

Planen skil så mellom konflikthandtering og krenkjande åtferd og rasisme og går vidare til å beskriva tiltak ved vald mellom elevar. Eit eige punkt beskriv kva prosedyrar som gjeld når mobbing blir påvist. Ved vald og påvist mobbing kjem det klart fram av rutinen at leiinga skal bli kopla på saka. Under konflikthandtering og krenkingar blir leiinga først kopla på ved gjentakningar eller dersom saka ikkje løyser seg.

I *RefLex* svarer dei tilsette at varslings- og undersøkingsplikta er kjend og blir utført i tråd med regelverket. Det kjem likevel fram i intervjuet at rutinen for varsel blir oppfatta og blir praktisert noko ulikt. Dette knyter seg særleg til terskelen for kva som utløyser varslingsplikta og kven det blir varsla til dersom det er mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Vidare kjem det fram at meldeskjemaet/varsel blir brukt i ulik grad. For enkelte tilsette blir dette grunnleggjande i manglande tilgang på PC-ar og systemtilgang.

#### Undersøkingar

I handlingsplanen står delpliktene beskrive, og under dette plikta til å undersøka (lovkravet). Planen viser til, under fleire punkt, at skulen høyrer elevane og at skulen har ein dialogisk tilnærming i samtalan og undersøkinga av saka. Dette er også tydeleg under prosedyrar ved påvist mobbing. Det kjem også fram i planen at undersøkinga startar med samtalen kontaktlærer gjennomfører og at sosiallærer, avdelingsleiar eller rektor deretter blir kopla på. Informasjonen til rektor kan gå føre seg munnleg eller skriftleg. Det er rektor og sosiallærer som står ansvarleg for å oppretta aktivitetsplanen. Om mobbinga ikkje tek slutt, omhandlar planen ein opptrapping og intensivering av tiltak og sanksjonar. I planen er det vidare vist til lovteksten, det vil seia ei skjerpa aktivitetsplikt og til at undersøkingar og tiltak skal setjast i verk straks. I skulen sine tiltaksplanar og saksdokument kjem det fram at undersøkingane til skulen omfattar samtalar, undersøking/*Spekter*, gjennomgang av oppretthaldande faktorar i trinnmøte, observasjon og oppfølgings-samtalar med elev og føresette.

I tilsynet kjem det fram at dei tilsette, til likskap med rektor, meiner det er ein låg terskel for å drøfta utfordringar knytt til skulemiljøet og saker knytt til enkeltelevar. Elevstemma er viktig og undersøkingane startar omgåande, med samtalar med eleven, medelevar og føresette. Rektor legg ofte til rette for undersøkingane, men ønskjer at kontaktlærer medverkar og påverkar innretninga av desse. Gjennomføringa av undersøkingane blir delegert til tilsette som er rundt eleven og blir følgde opp i møte og i oppfølgjande samtalar.

#### Dokumentasjon

I handlingsplanen står det at skulen skal dokumentera kva som er gjort i ein aktivitetsplan. Denne praksisen blir bekrefta av dei tilsette, som samstundes viser til at dette i praksis blir gjort av rektor. Dei tilsette fortel vidare at delar av dokumentasjonen blir gjort i VSS og av andre, men at omfanget varierer og blir utført ulikt avhengig av kva rolle den tilsette har. I elevsakene som vi har gått



gjennom i dette tilsynet, finn vi i lita grad utfyllande dokumentasjon av elevsamtalar, gjennomførte observasjonar eller undersøkingar av oppretthaldande faktorar.

## **Vurderingane våre - Rutinar og prosedyrar**

### Avvikssystem

I handlingsplanen til skulen står det at rektor driv internkontroll kontinuerleg ved å vurdere praksis knytt til § 9 A. Det er inntrykket vårt at dei tilsette i kommunen ikkje bruker kommunen sitt systemet for avvik når det gjeld regelverkssetterleving av aktivitetsplikta, og at det hos fleire tilsette er mangelfull kjennskap og kompetanse knytt til avvikshandteringa.

### *Kommunen si tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Kommunen har i sitt innspel skrive at alle tilsetja har tilgang til PC/systemtilgang og tilgang til avvikssystemet. Kommunen har i revidert handlingsplan utarbeidd ein rutine for avviksmelding for tilsette der dei skal melda brot på rutinar/planar i kommunen sitt avvikssystem.

Vi vurderer det som positivt at kommunen no har utarbeidd ein rutine for avviksmeldingar også knytt til aktivitetsplikta og at dei tilsette er gjort kjent med denne. Kommunen må vidare følgja opp dette med tiltak, slik han har initiert i risikovurderinga si. Kommunen må visa korleis rutinen er implementert og teke i bruk.

I skrivet *Skuleeigar sitt system for internkontroll*, er det no teke inn at beredskapsteamet kvart år har ein gjennomgang av eit utval av 9 A-saker og at internkontrollen skal evaluerast i august. Kommunen bør klargjera om og på kva måte beredskapsteamet skal rapportere eventuelle avvik.

### Kjennskap til rutinar

Skulen og kommunen har utarbeidd ein handlingsplan for å sikra elevane eit godt psykososialt miljø. Planen er utarbeidd av rektor og kommunalsjefen og vi legg derfor til grunn at denne er kjend for dei. Kommunen og skulen har ein prosedyre der handlingsplanen blir gjennomgått med dei tilsette kvar haust og dei tilsette skal signera for at dette er gjort. Grunna koronapandemien har ikkje dette vorte følgd opp dei siste åra, men det er gjort for inneverande år. I samtalar med nokon av dei tilsette kjem det fram at gjennomgangen blir opplevd som mangelfull og at planen ikkje er lesen av alle.

Kommunen har ansvar for at rutine blir forstått og for å sikra at den tilsette handlar i tråd med regelverket. Vi meiner derfor at det ikkje er tilstrekkeleg at rutinen er tilgjengeleg for alle tilsette.

### *Kommunen si tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Kommunen har i innspelet sitt skrive at innskjerping av rutinar som gjeld varsling og dokumentasjon av varsling er gjennomgått med kollegiet ved Gol skule. Vi viser til at kommunen har oppgitt at Eigendomsavdelinga har ein årleg gjennomgang av oppl. § 9 A og må sørge for at dette også blir gjennomgått med andre tilsette.

Rutinar som gjeld varsling og dokumentasjon av varsling er no oppdatert og gjennomgått med kollegiet ved Gol skule. Kommunen må visa korleis rutinen er gjennomgått med alle tilsette.

### Varsling

Slik vi forstår rutine og prosedyrane til skulen og kommunen, har skulen ein framgangsmåte for varsling som inneber at rektor ikkje er den einaste som får varsel. Avdelingsleiarane viste i



intervjuet til at varsling i hovudsak er rektor sitt ansvar, men at det hender at nokon varslar til avdelingsleiar. Det er også døme på at varsel blir leverte til kontaktlærar. Seinare i rapporten har vi konkludert med at skulen ikkje har ein felles framgangsmåte for kor raskt det skal varslast, og at dette fører til at varselet ikkje alltid når fram til avdelingsleiar og rektor i tide. Vi meiner rutinen til skulen er uklar på når varslingsplikta blir utløyst.

I planen er det døme på at varsel til rektor kan overleverast munnleg eller skriftleg. Meldeskjema til rektor ligg ved planen. Det er Statsforvaltarens inntrykk at skulen har utarbeidd eit varslingsskjema som skal brukast av skulen i skulemiljøsaker som omhandlar oppl. § 9 A-4. Dokumentasjonen til skulen viser at det i hovudsak er rektor som skriv ned og dokumenterer varselet. Det er vår vurdering at aktiv bruk av varslingsskjemaet kan vera med på å dokumentera varsla på ein formålstenleg måte. Det er vår oppfatning at dei tilsette ved Gol skule til ei viss grad er kjende med skjemaet, men at dei likevel brukar skjemaet i liten grad.

Statsforvaltaren ser at skuleeigar og skulen ikkje har utarbeidd prosedyrar for kor raskt dei tilsette skal varsla rektor og skuleeigar (utover det som står i lovteksten), i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett eller ein i leiinga i skulen står bak krenkinga av eleven. I lys av intervjuet er det vår oppfatning at dei fleste tilsette er klar over at det gjeld eit skjerpa tidskrav, og at dei fleste ville ha varsla rektor og skuleeigar straks i slike saker, men ikkje alle tilsette. Ulik forståing av regelverket kan medverka til at rektor og skuleeigar ikkje blir varsla i tide.

#### *Kommunen si tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Kommunen har påpeika at det er feil at tilsette som regel varslar til avdelingsleiar. I revidert handlingsplan er det no presisert at hendingar skal varslast til rektor. Det kjem no fram i pkt. 3.6 at hendingar skal varslast til rektor ved varslingsskjema. Vi meiner det er positivt at kommunen har oppdatert varslingsrutinen sin i handlingsplanen i tråd med lovkravet. Konklusjonen vår seinare i rapporten tek likevel utgangspunkt i utsegnene frå dei tilsette og dokumentasjon i elevsaker. Endringa i handlingsplanen påverkar vår vurdering av om kommunen har utarbeidd nødvendige prosedyrar, men ikkje konklusjonen om dei tilsette varsla i tide og i tråd med denne.

Kommunen peikar på at han sende inn dokumentasjon i samband med *RefLex*. Her kjem det fram av ROS-analysen at skuleeigar skal varslast omgåande og innan kl. 16.00 same dag. Kommunen meiner difor at følgjande setning i den førebelse rapporten er feil:

*Statsforvaltaren ser at skuleeigar og skulen ikkje har utarbeidd prosedyrar for kor raskt dei tilsette skal varsla rektor og skuleeigar (utover det som står i lovteksten), i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett eller ein i leiinga i skulen står bak krenkinga av eleven.*

Kommunen har i revidert handlingsplan, under pkt. 3.9, utarbeidd ein prosedyre for hendingar der det er mistanke om at tilsette eller skuleleiinga er involvert. Det kjem her fram at tilsette skal varsla rektor straks dersom mistanken gjeld ein tilsett, og at skuleeigar skal varslast straks og innan kl. 16.00 same dag dersom det gjeld ein i skuleleiinga. Vi meiner kommunen med denne endringa no har utarbeidd ein rutine for varsling i saker der det er mistanke om at tilsette eller ein i skuleleiinga har krenkt ein elev.

Kommunen har no oppdatert varslingsrutinen sin i handlingsplanen i tråd med lovkravet. Kommunen må visa korleis rutinen er implementert og teke i bruk.



### Undersøkingar

Samla sett verkar det som om skulen har ei einskapleg forståing av framgangsmåten for undersøkingar i skulemiljøsaker og at denne framgangsmåten speglar den rutinen som skulen har utarbeidd. Vi meiner undersøkingsmetodane til skulen i utgangspunktet er eigna for å undersøkje skulemiljøsaker, men at dei ikkje nødvendigvis er tilstrekkelege.

I lys av prosedyrane til skulen og enkeltsakene vi har fått, vurderer vi at undersøkingsmetodane som kjem fram av handlingsplanen til skulen, og dei metodane som skulen faktisk bruker i dag, ikkje alltid er eigna og tilstrekkelege for å få fram underliggjande årsaker i sakene. Les meir om dette under pkt 2.1.10 i denne rapporten.

#### *Kommunen si tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Kommunen peikar på at det i handlingsplanen no er teke inn at undersøkinga skal skje snarast og at metodebruken i undersøkinga som det er vist til, ikkje er ei uttømmende liste. Videre har kommunen skrive at *Spekter* skal brukast der det er nødvendig og at denne vurderinga har vore ein innarbeidd sedvane. Kommunen meiner difor at metodane og systematikken for å følgja opp undersøkingane er forsvarlege. I den reviderte handlingsplanen ser vi at tidspunktet for undersøkingar er presisert i saker der det er mistanke om at ein tilsett eller ein i leiinga krenker en elev. I andre tilfelle er dette ikkje presisert. Vi vil understreka at tidskravet for undersøkinga er *snarast* i lovet og at kommunen derfor bør innarbeida dette i prosedyren sin, også for tilfelle der ein elev ikkje har det trygt og godt. Kommunen har vidare presisert at det er rektor som initierer undersøkingane, og at rektor gjer ei avsluttande vurdering av behovet for fleire tiltak.

Vi ser det som positivt at kommunen har presisert rutinen for undersøkingar i handlingsplanen sin. Vår konklusjon seinare i rapporten tar utgangspunkt i uttalanene til dei tilsette og dokumentasjon i elevsaker. Endringa i handlingsplanen påverkar vår vurdering av om kommunen har utarbeidd nødvendige prosedyrar, men ikkje konklusjonen om i kvar grad skulen undersøker i tråd med regelverket. Les meir om dette under pkt. 2.1.9 i denne rapporten.

Kommunen har no oppdatert rutinen for undersøkingar i handlingsplanen sin og utarbeidd nødvendige rutinar og prosedyrar for å sikre regelverksetterleving på plikta til å undersøkje. Kommunen må visa korleis rutinen er implementert og teke i bruk.

### Dokumentasjon

I lys av funna i tilsynet, viser vi til at skulen har plikt til å dokumentera kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å undersøkje.<sup>25</sup> Dokumentasjonskravet vil også gjelda for skuleeigar i dei tilfella skuleeigar har ansvaret for undersøkingane. Rutinen til skulen, slik han no beskriv dokumentasjonskravet, er mangelfull og kan føra til ei manglande forståing av regelverket og skapa rom for ulik praksis i saksbehandlinga.

#### *Kommunen si tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Kommunen har i revidert handlingsplan (pkt. 3.3) utarbeidd ein rutine for dokumentasjon i skulemiljøsaker. Kommunen skriv her at all aktivitet i ei § 9 A-sak skal dokumenterast gjennom loggføring, notat og møterefurat, og at dette også gjeld vurdering av tiltaka. All dokumentasjon skal arkiverast i Visma Sikker sak. Det er også lagt inn eit krav til dokumentasjon som gjeld den skjerpa

---

<sup>25</sup> jf. oppl. § 9 A-4 sjuande leddet



aktivitetsplikta. Vi meiner det er positivt at kommunen har teke inn krav til dokumentasjon i handlingsplanen.

Kommunen har i revidert handlingsplan utarbeidd ein rutine for dokumentasjon i skulemiljøsaker. Rutinen kan være eigna for å oppfylle lovkravet. Kommunen må visa korleis rutinen er implementert og teke i bruk.

### **Konklusjonane våre**

Internkontrollen til kommunen er ikkje tilpassa for å hindra eller førebyggje brot på varslingsplikta og dokumentasjonsplikta.

Internkontrollen til kommunen er ikkje tilpassa for å hindra eller førebyggje brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta.

### **2.2.2 Avdekkjer og følgjer kommunen opp med korrigerande tiltak for å hindra eller førebyggja risikoen for at varslingsplikta, undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt?**

*Internkontrollen skal sikra at avvik og risiko for avvik blir avdekte.<sup>26</sup> Kommunen må skaffa oversikt over område der det er fare for manglande regeletterleving, og setja inn førebyggjande og risikoreducerande tiltak for å hindra og førebyggja regelbrot. Formålet er at allereie oppståtte feil skal korrigerast, at verksemda skal læra av avvika og setja inn relevante tiltak for å hindra nye regelbrot.<sup>27,28</sup>*

*Skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontrollen skal evaluerast og ved behov forbetrast.<sup>29</sup> Det er ikkje sett noko lovkrav om tidsintervalla for kor ofte slik evaluering og eventuell forbetring skal gjerast. Det blir sagt at forbetringar skal gjerast dersom det er behov. For å kunna gjera forbetringar når det er behov, må det naturleg nok gjerast ei evaluering av behovet med jamne mellomrom.<sup>30</sup>*

### **Observasjonane våre - Avdekka avvik og risiko for avvik, og følgja opp avvik og risiko for avvik ved hjelp av styringstiltak**

Vi har innleiingsvis i rapporten vist til kommunen si omtale av avvikshandtering. I intervjuet viste kommunalsjefen fram avvikssystemet og sa samstundes at dette ikkje hadde vore snakka om den siste tida. Rektor fortel at han meiner avvikssystemet i kommunen er rett stad for å melda frå om regelverksbrot, men trur dei fleste tilsette ville oppsøkt han og sagt frå. 9 A-saker kan meldast inn som avvik, men først etter at tiltak er prøvde ut. Rektors oppfatning blir bekrefta i intervju med dei tilsette. Avvikssystemet har vorte brukt for å melda avvik på inspeksjon og symjeopplæring. I intervju med dei tilsette kjem det fram at avvikssystemet er kjend, men sjeldan i bruk og ikkje knytt opp mot skulemiljøsaker. Fleire tilsette uttrykkjer at dei er også usikre på korleis dette blir brukt.

---

<sup>26</sup> Jf. kommunelova § 25–1 tredje leddet bokstav c.

<sup>27</sup> Jf. Prop.46L (2017–2018) Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) Kap. 30 Merknader til de enkelte føresegnene i lovforslaget - Kap. 25 Til § 25-1 Internkontroll i kommunen og fylkeskommunen.

<sup>28</sup> Jf. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2021), *Internkontroll i kommunesektoren – Kravene i kommuneloven* punkt. 2.4.4

<sup>29</sup> Jf. kommunelova § 25–1 tredje leddet bokstav e.

<sup>30</sup> Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2021), *Internkontroll i kommunesektoren – Kravene i kommuneloven* punkt. 2.4.6.





Vidare fortel kommunalsjefen at dei ulike sektorane blir følgde opp i formelle møte på tvers og ved møte med kvar ein skild avdelingsleiar. Rektor orienterer om eksisterande 9 A-saker i møta med kommunalsjefen. Ved alvorlege saker vil kommunalsjefen få beskjed av rektor omgåande. Møta kan skje fysisk eller digitalt. Møta på tvers og med andre instansar gjer at informasjon om utfordringar i miljøet og mobbing blir fanga opp. Dette bidreg inn i det førebyggjande arbeidet. Beredskapsteamet kan koplast på i samansette saker eller ved behov (habilitet eller kommunikasjon).

Rektor svarar i *RefLex* og stadfestar i intervju at oppfølginga frå kommunen i hovudsak er slik ho er beskriven og lagt fram av kommunalsjefen. Når det gjeld internkontroll peikar rektor på forklaringa til kommunen og fortel i intervju at kommunen får informasjon om skulen og skulemiljøet på formelt og uformelt nivå. Elevundersøkinga blir gått gjennom med kommunalsjefen og blir behandla som sak i UKL. Vidare blir denne teken med i *Tilstandsrapporten*, saman med fleire andre område. Rektor har også jamlege møte med kommunalsjefen der han informerer om tilstanden i skulen. I tillegg er det nærast dagleg kontakt mellom dei om personaloppfølging, elevsaker med meir. Rektor skriv i *RefLex* at det er internkontroll på fleire nivå og at ein minner om og at det blir jobba aktivt med førebygging av brot på varslingsplikta. Dette kjem fram av møteplanane til dei ulike foruma ved skulen.

Rektor uttrykkjer at kommunalsjefen har god innsikt i arbeidet til skulen, gjennom formelt og uformelt samarbeid. Rektor bruker også å drøfta skulemiljø saker med han. Kommunalsjefen kan også bli involvert i enkeltsaker, då i høve til samarbeid og kommunikasjon med føresette. Rektor meiner også at kommunalsjefane kan fanga opp eventuelle regelverksbrot på skulen gjennom samarbeidet dei har og gjennom innsatsteamet mot mobbing.

I *RefLex* svarer rektor og kommunalsjef at det førebels ikkje har vore behov for å følga opp med korrigerande tiltak for å hindra eller førebyggja risikoen for at varslingsplikta, undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt. Kommunalsjefen uttrykkjer i intervju at han er sikker på at dersom det vart oppdaga feil, ville han ha fått melding om dette. Feil ville også ha vorte fanga opp i ulike samarbeidsforum eller på andre arenaer og vorte tekne opp direkte med han eller på systemnivå. Han meiner at systemet slik det er, gjer at kommunen greier å avdekkja regelverksbrot, men at han sjølv sagt hadde agert dersom han hadde fått tilbakemeldingar der ting ikkje var greitt.

Kommunalsjefen har i uttalen sin peika på ei eiga *Sjekkliste for krav i opplæringslova* (per 11.06.2022) som blir ajourført kvart år i august og drøfta med rektor. Lista inneheld ein oversikt over sentrale føresegnar (lov, forskrift, regelverk), praksisen til kommunen (sjekkpunkt) og interne dokument og rutinar. Lista viser også kven som er ansvarleg for oppgåva og har eit eiga felt for kvittering for oppgåve. For oppl. § 9 A-4 står det at *det er utarbeidd ein skriftleg handlingsplan mot mobbing. Revidert 2021*. Det står ikkje kven som er ansvarleg og signaturfeltet er ikkje fylt ut. Årshjulet er ikkje digitalisert og var planlagt å inngå i systemet «Kommuneplikter». Kommuneplikter er som omtalt innleiingsvis i rapporten ikkje lenger aktuell, men kommunalsjefen følgjer opp årshjulet manuelt. Kommunalsjefen meiner at innretninga av systemet er slik, at dei greier å avdekkja regelverksbrot. Han er sikker på at dersom det vart oppdaga feil, ville han ha fått melding om dette. Feil ville også ha vorte fanga opp i ulike samarbeidsforum eller på andre arenaer, og vorte tekne opp direkte med han eller på systemnivå.



## **Våre vurderingar - Avdekkje avvik og risiko for avvik, og følgje opp avvik og risiko for avvik ved hjelp av styringstiltak**

Vurderinga vår under dette punktet i rapporten handlar om dei rutine og prosedyrane kommunen og skulen har for å avdekkja avvik og risiko for avvik knytt til regeletterlevinga til skulen når det gjeld plikta til å varsle, undersøkje og dokumentera. Vi vurderer også om dei styringstiltaka som er sette inn, blir følgde opp og om det er vurdert oppfølgjande tiltak.

Kommunen har eit avvikssystem der tilsette kan melda avvik, også om manglande regelverksetterleving. Vi vurderer at dette er eit eigna system, men at dette ikkje blir brukt på alle område eller er gjort tilstrekkeleg kjent for dei tilsette. Dette verkar kjent for både rektor og kommunalsjef utan at kommunen har set inn tiltak for å redusere risikoen for at tilsette ikkje melder avvik.

Rektor og kommunen har utarbeidd ein handlingsplan som informerer om korleis Gol skule arbeider for å følgja regelverket. Sjølv om dette ikkje er eksplisitt uttrykt av kommunen, vil ein slik plan kunne vere eit førebyggjande og risikoreduserande tiltak. Det følgjer naturleg av dette at kommunen også må følgje opp om tiltaka har fungert og eventuelt vurdere om det er andre tiltak som må setjast inn.

Gjennom *Sjekkliste for krav i opplæringslova*, gjennomfører kommunen ein årleg kontroll av gjeremål, også knytt til aktivitetsplikta og skulen sin revisjonen av handlingsplanen. Dette dreier seg til dømes om at handlingsplanen blir gått gjennom årleg og blir lesen av dei tilsette. Inneverande år har kommunen utarbeidd eit skjema der dei tilsette kvitterer for dette. I tilsynet kjem det fram at kommunen ikkje tidlegare har vurdert risikoen for avvik knytt til manglande gjennomføring av gjeremåla på skulenivå.

Vi erfarer i tilsynet at samhandlinga mellom rektor og kommunalsjefen, og dessutan samhandlinga på tvers av sektorar, i eigna samarbeidsforum og på politisk nivå, bidreg til at kommunen har god innsikt i korleis skulen arbeider med skulemiljøet. Vi ser også at dette samarbeidet bidreg til at kommunalsjefen får informasjon og innsikt i handteringa av enkeltsaker der elevane ikkje har det trygt og godt på skulen. Som ein del av internkontrollen til kommunen står det i handlingsplanen at rektor kontinuerleg driv internkontroll ved å vurdere praksis knytt til § 9 A. I tilsynet er det ikkje komme fram opplysningar som viser korleis eller når dette blir gjort. Delar av internkontrollen verkar derfor som hendingsbasert eller spontan. Dersom rektor eller andre ikkje oppdagar brot på regeletterleving, vil dette nødvendigvis ikkje bli fanga opp av kommunen.

For oss verkar det uklart om skulen og kommunen sin praksis er tilpassa for å avdekkja avvik og risiko for avvik knytt til regeletterlevinga til skulen, forståinga til dei tilsetja og handling i enkeltsaker, når det gjeld plikta til å varsle, undersøkje og dokumentera. I dette tilsynet har vi vurdert at tilsette ikkje varslar i tide, at undersøkingane ikkje er tilstrekkelege og at dokumentasjonskravet ikkje er oppfylt. Vi meiner derfor internkontrollen til kommunen ikkje er tilpassa og at kommunen ikkje har ein praksis for å innhenta tilstrekkeleg informasjon som kan avdekkja om dei ulike delpliktene blir oppfylte.

I tråd med delegeringa i kommunen kan kommunen sjølv avgjera om oppfølginga av internkontrollen på dette området blir tillagd rektor eller kommunalsjef. Kommunalsjefen står likevel som ansvarleg for at skulen gjennomfører dette. Formålet er å fanga opp, sikra avvik eller



risiko for avvik, og at dei tilsette gjer det dei skal når det gjeld aktivitetsplikta og den skjerpa aktivitetsplikta.

Vi vurderer at Gol kommune ikkje har tilpassa internkontrollen og derfor ikkje avdekkjer avvik og risiko for avvik og følgjer opp med hjelp av styringstiltak.

#### *Kommunen si tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

I skrivet *Skuleeigar sitt system for internkontroll*, er det no teke inn at beredskapsteamet kvart år har ein gjennomgang av eit utval av 9 A-saker og at internkontrollen skal evaluerast i august. Som nemnt ovanfor (pkt. 2.12) bør kommunen avklara korleis beredskapsteamet skal gjera denne jobben. Kommunen bør også gjera dette tydeleg i delegeringa si (jf. sak i kommunestyret, 20.11.2018 sak 56/18, saksframlegg 22.10.2018). Vi meiner dette initiativet kan være eigna til formålet, det vil seia, at allereie oppstått feil skal korrigerast, at verksemda skal læra av avvika og at ein skal setja inn relevante tiltak for å hindra nye regelbrot. Kommunen må dokumentere evalueringa av internkontrollen, arbeidet i beredskapsteamet og eventuelle korrigerande tiltak som er iverksette.

#### **Observasjonane våre - Evaluera og ved behov forbetra prosedyrar og andre tiltak i internkontrollen**

I *Reflex* svarar rektor og kommunalsjef at det førebels ikkje har vore behov for å følgja opp med korrigerande tiltak for å hindra eller førebyggja risikoen for at varslingsplikta, undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt.

Som tidlegare omtalt, har skulen/kommunen utarbeidd ein handlingsplan og vedteke denne i SU i juni 2021. I handlingsplanen står det at rektor kontinuerleg driv internkontroll ved å vurdere praksis knytt til § 9 A. Det står også at planane og rutinane må vera innarbeidde og skal følgast av personalet når det blir jobba med saker som handlar om det psykososiale miljøet til elevane. Vidare står det at, rektor skal følgja med og har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt og planmessig. Det står også at handlingsplanen blir gjennomgått med dei tilsette kvar haust og at skulen skal evaluera det førebyggjande og haldningsskapande arbeid kvart år i personalmøte, elevråd, FAU og skulemiljøutval.

Rektor fortel at ein revisjon av handlingsplanen skjer ved behov, dersom det blir oppdaga manglar eller etter til dømes tilsyn. I skuleeigar si forklaring for internkontroll står det at skulen årleg har ein gjennomgang og revisjon av planen og at dette skjer i august. Rektor fortel at dette i praksis skjer i samanheng med gjennomgangen av *Elevundersøkinga*. På skulenivå er det inga eige gjennomgang av planen, men ei forventning om at kvar enkelt tilsett les han. Det blir ikkje gjennomført ein løypande kontroll gjennom året på om planen blir brukt.

#### **Vurderingane våre - Evaluera og ved behov forbetra prosedyrar og andre tiltak i internkontrollen**

Kommunelova § 25-1 stiller krav til at kommunen skal evaluera og ved behov forbetra skriftlege prosedyrar og andre tiltak i internkontrollen. Vidare er det eit krav om at dette skal gjerast på ein systematisk måte.

Informasjonen vi har fått i tilsynet viser at kommunalsjefen innhentar og får informasjon om skulen sitt arbeid med skulemiljøet, på systemnivå og gjennom samarbeid med rektor om



enkeltsaker. Det er også bestemt at handlingsplanen skal reviderast i august og ved behov. Kommunalsjefen gir vidare uttrykk for at det førebels ikkje har vore behov for korrigerande tiltak for å hindra eller førebyggja risikoen for at varslingsplikta, undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt. Som ein del av internkontrollen til kommunen står det i handlingsplanen at rektor kontinuerleg driv internkontroll ved å vurdere praksis knytt til § 9 A. I tilsynet kjem ikkje fram opplysningar som viser korleis eller når dette blir gjort, eller om dette blir gjort av kommunalsjefen.

Vi meiner likevel at skulen og kommunen har initiert ein god framgangsmåte for å evaluere handlingsplanen, då det kjem fram av planen at rektor skal gå gjennom planen med dei tilsette kvar haust og at skulen skal evaluere det førebyggjande og haldningsskapande arbeidet kvart år på personalmøte, i elevråd, FAU og skulemiljøutval. Funna i tilsynet viser at skulen og kommunen i dette arbeidet må lytta til dei som bruker planen for å vurdere om det er behov for justeringar. Vi tenkjer då på at rutinar kan oppfattast på ulike måtar, og at innhaldet i rutinen er formulert på ein måte som gjer at dei tilsette i skulen ikkje forstår han, eller som fører til at dei ikkje fungerer i praksis, eller at praksis blir ulik.

Vi meiner dette viser at kommunen har prosedyrar som kan redusere risikoen for brot på regelverket, men at dei ikkje viser korleis kommunen vurderer at tiltaka er tilstrekkelege eller bør endrast for å gjerast meir treffsikre. På same måte verkar skulen/kommunen sin internkontroll på skulenivå som tilfeldig og hendingsbasert då han blir beskrive som kontinuerleg. Vi meiner dette ikkje oppfyller kravet til systematikk.

Vi vurderer at evalueringa til kommunen og ved behov forbetring av prosedyrar og andre tiltak, ikkje oppfyller kravet om systematikk etter kommunelova § 25-1.

#### *Kommunen si tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Kommunen har ikkje kome med konkrete tilbakemeldingar til pkt. 2.1.3 i førebels tilsynsrapport. Gjennom endringane i Skuleeigar sitt system for internkontroll med skulemiljøet kjem det fram at skulen årleg har ein revisjon av handlingsplanen og at beredskapsteamet mot mobbing i same tidsintervall (i august) har ein gjennomgang av eit utval skulemiljø saker. Det er også lagt opp til ei årleg evaluering av internkontrollen. Denne skal drøftast med rektor. Kommunen har samstundes utarbeida ein eigen rutine for internkontroll og avvik i handlingsplanen (pkt. 3.11). Dette inngår også som eige punkt i kommunens risikokartlegging (bokstav F). Vi meiner at kommunen no har sette i verk tiltak for å hindra eller førebyggja risikoen for at varslingsplikta, undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt. Kommunen må dokumentere evalueringa av internkontrollen, arbeidet i beredskapsteamet og eventuelle forbetringar av prosedyrar eller andre korrigerande tiltak som blir sette i verk.

#### **Konklusjonane våre**

Kommunen avdekkjer og følgjer ikkje opp med korrigerande tiltak for å hindra eller førebyggja risikoen for at varslingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt.

Kommunen avdekkjer og følgjer ikkje opp med korrigerande tiltak for å hindra eller førebyggja risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt.



### 2.2.3 Varslar alle som arbeider på skulen, ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen?

*Alle som jobbar på skulen, skal varsle rektor viss dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.<sup>31</sup> Viss nokon som arbeider på skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen krenkjer ein elev, skal dei varsle rektor straks.<sup>32</sup> Viss det er ein i skuleleiinga som står bak krenkinga(e), skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk mistanke eller kjennskap til krenkinga(e).<sup>33</sup>*

*Det skal vera låg terskel for kva som skaper «mistanke om» eller «kjennskap til» at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.<sup>34</sup> Mistanke kan oppstå på bakgrunn av observasjonar av eleven, tilbakemeldingar på undersøkingar, beskjedar frå foreldre eller medelevar, eller aktivitet i sosiale medium. At ein elev verbalt seier frå at han eller ho mistrivst på skulen, oppfyller kravet til at den som arbeider på skulen har «kjennskapar». Det kan ikkje forventast at elevar bruker ordlyden i lova eller omgrepa til dei vaksne.<sup>35</sup>*

#### Observasjonane våre

I handlingsplanen står det at dersom ein elev blir utsett for mobbing eller krenkjande åtferd, skal den tilsette melda frå til kontaktlærer eller leiinga. Rektor seier i intervju at skulen gjennomfører opplæring kvart år for dei tilsette, i ulike tema innanfor opplæringslova kapittel 9 A. Dette året har dei lese gjennom den nye handlingsplanen, der varsling er eitt av tema.

I *RefLex* svarer rektor og dei tilsette ja på spørsmål om dei varslar rektor ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Nokre tilsette svarar at dei varslar rektor gjennom sin næraste leiar.

I intervju fortel rektor at dersom ei sak er rydda i der og då, så er det ikkje ei skulemiljøsak, og saka mest sannsynleg vil bli følgt opp av læraren og informert om mellom lærarane. Rektor seier vidare at dersom det likevel skjer fleire gonger, så må dei gå meir inn i det. Rektor opplever at lærarane har ein låg terskel for å informera han om hendingar. Det er ikkje eit krav til meldeskjema eller loggføring i dei tilfella der rektor får generell informasjon om kva som skjedde i friminuttet.

I intervju med dei tilsette kjem det fram at somme varslar avdelingsleiaren sin. Andre tilsette utdjupa at kven dei varslar til avheng litt av alvorgrad. Viss det er alvorleg, hadde dei gått til rektor, og viss det ikkje var så alvorleg, hadde dei gått til kontaktlærer eller avdelingsleiar. Assistentane forklarte at dei også varslar/går til kontaktlærer med dette, eller legg lappar på pulten til lærar. Dei viser til at dei også har vekesvise møte der dette kan takast opp. Kontaktlærarane svarte likevel i intervju at dei ikkje får varsel frå assistentar, men at det kan vera at dei snakkar om ting og at dette blir tekne opp på lagmøta, og at kontaktlærer tek dette vidare.

<sup>31</sup> Jf. oppl. § 9 A-4 andre leddet.

<sup>32</sup> Jf. oppl. § 9 A-5.

<sup>33</sup> Jf. oppl. § 9 A-5.

<sup>34</sup> Jf. oppl. § 9 A-4 andre leddet første punktum.

<sup>35</sup> Jf. Prop.57 L (2016–2017) *Endringar i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)* punkt 5.5.2.3.



Avdelingsleiarane fortalde at det i hovudsak er rektor som skal varslast, men at det hender at nokon gir beskjed til dei. Avdelingsleiarane tek då dette vidare. Dette gjaldt i hovudsak der rektor ikkje er til stades, og det derfor er naturleg at dei tilsette går til avdelingsleiar.

Skulen sin dokumentasjon av elevsaker viser at hovuddelen av sakene først blir behandla som eit varsel til rektor etter at føresette har sagt frå til skulen.

#### *Skjerpa aktivitetsplikt dersom tilsette krenkjer elevar*

På spørsmål i *RefLex* om dei tilsette varsla rektor ved mistanke om eller kjennskap til at elev blir krenkt av ein som jobbar på skulen, svarer dei tilsette og rektor ja. Dei tilsette har også svart at dei varslar rektor gjennom sin næraste leiar. I intervjuar svarer dei fleste tilsette at dei hadde varsla til rektor i slike tilfelle. Enkelte svara likevel at dersom dei kjenner «læraren / den tilsette» som dette gjeld, ville vedkomande ha snakka med læraren det gjeld. Viss det likevel gjaldt ein lærar som den tilsette ikkje kjenner, ville vedkomande ha varsla rektor.

Dei tilsette svarer ja i *RefLex* på spørsmål om dei varslar skuleeigar viss mistanken gjeld ein i skuleleiinga. I intervjuar svarer dei fleste også ja på at dei hadde varsla skuleeigar i eit slikt tilfelle. Likevel svarer enkelte at dei hadde teke det opp med kontaktlærar. Andre svarte at dei ville ha teke det opp med leiaren direkte, og at dersom det var mistanke om at rektor krenkte ein elev, så ville den tilsette ha prata direkte med rektor om det.

#### **Vurderingane våre**

Rektor er ansvarleg for at varslinga blir handtert på ein forsvarleg måte. Ansvaret kan ikkje delegerast bort. Delegeringa av oppgåva med å ta imot varsel, frå rektor til avdelingsleiar og kontaktlærar, må derfor vareta formålet bak varslingsregelen, som er å gi rektor ei overordna og fullstendig oversikt over korleis elevane har det på skulen. Rektor har mellom anna ansvaret for at mistanke om at ein elev som er utrygg eller mistrivst, blir følgt opp med undersøkingar og tiltak viss det blir vurdert som nødvendig. Sjå meir om plikta til å undersøkje i pkt. 2.1.8.

Skulen har ein framgangsmåte for varsling som inneber at rektor ikkje er den einaste som får varsel. Slik vi oppfattar det, er oppgåva delvis delegert slik at også avdelingsleiar og kontaktlærar kan få varsel. Vi ser gjennom intervjuar at denne framgangsmåten blir brukt i praksis. Slik rektor forklarte det i intervju, er den tilsette si vurdering av den konkrete hendinga medverkande til om informasjonen og varselet blir gitt, og til kven. Enkelte gonger blir det formidla hendingar til kontaktlærar som informasjon, andre gonger blir dette informert om i lagmøta. I hovudsak blir rektor varsla direkte eller ved at avdelingsleiarar vidareformidlar informasjon frå tilsette. Vi forstår det slik at tilsette kan ta opp ting på lagmøtet, før kontaktlærar eventuelt tek mistanken vidare til rektor. På generelt grunnlag er det positivt at tilsette har fleire dei kan drøfta bekymringar med. Likevel utgjer framgangsmåten til skulen ein reell risiko for at alle varsel som ikkje resulterer i ein aktivitetsplan, ikkje kjem fram til rektor. I tillegg vil terskelen for varsling på dei ulike laga kunne bli ulik. Dette blir underbyggt av at skuleleiinga ikkje er til stades i alle lagmøta.

Vi vurderer at praksisen til skulen kan medføre at ikkje alle varsel faktisk kjem fram til rektor. Dette gjeld særleg i dei tilfella der tilsette varslar til kontaktlærar. Elevsakene viser at hovuddelen av sakene først blir behandla som eit varsel til rektor etter at føresette har sagt frå til skulen. Dette forsterkar inntrykket vårt av at dei tilsette ikkje har ein einskapleg forståing av terskelen for å varsla, og at ikkje alle saker blir varsla til rektor.



Statsforvaltaren vurderer derfor at skulen ikkje har ei felles forståing for varslingsrutinar som sikrar at alle som jobbar på skulen varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

#### *Skjerpa aktivitetsplikt dersom tilsette krenkjer elevar*

Når det gjeld tilfelle der det er mistanke om at tilsette eller nokon i leiinga krenkjer elevar, kjem det fram i intervjuet at det er noko ulik praksis og forståing av plikta til å varsle. Hovudinstrykket er likevel at dei tilsette vil varsle rektor dersom mistanken gjeld ein tilsett, og at dei vil varsle skuleeigar dersom det er mistanke om at ein i leiinga krenkjer. Vi ser likevel at praksis og forståing av dette ikkje omfattar alle tilsette. Ulik forståing av regelverket kan medverka til at rektor og skuleeigar ikkje blir varsla i tide.

#### *Kommunen si tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Kommunen har påpeikt i sine kommentarar at dei tilsette no skal varsle rektor. I revidert handlingsplan pkt. 3.6 går det no fram at hendingar skal varslast rektor ved varslingskjema.

Endringa betyr at dei tilsette frå no av berre skal varsle til rektor, i motsetnad til tidlegare. Vi vurderer at endringa, vil kunne medverka til at alle varsel frå no av kjem fram til rektor. Dette vil ikkje nødvendigvis ha noko å seie for å få til ei meir lik forståing av terskelen for når det skal varslast til rektor. Vi meiner uansett at det er praksis framover som må visa at dei tilsette varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Kommunen må visa korleis rutinen er implementert og teke i bruk. Vi opprettheld konklusjonen frå den førebelse rapporten vår.

#### **Konklusjonen vår**

Alle som arbeider på skulen varslar ikkje ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen.

#### **2.2.4 Varslar rektor til skuleeigar i alvorlege tilfelle og ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen har krenkt ein elev?**

*Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.<sup>36</sup> Rektor skal også varsle skuleeigar i alle tilfelle der det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev.<sup>37</sup> Kva som er eit alvorleg tilfelle, må vurderast skjønsmessig. Formålet med at rektor i alvorlege tilfelle skal varsle skuleeigar, er at skuleeigar i slike tilfelle bør gjerast kjent med saka og involvera seg i korleis saka blir løyst.<sup>38</sup>*

#### **Observasjonane våre**

I handlingsplanen til skulen er det vist til lovteksten i § 9 A-5 når det gjeld saker der tilsette er mistenkt for å ha krenkt elev. I forarbeida til opplæringslova blir dette utdjupa.<sup>39</sup> Døme på kva som blir rekna som alvorlege saker, er saker der krenkingane er særleg valdelege, eller på andre måtar svært integritetskrenkjande. Dersom fleire elevar er involverte i mobbing av ein annan elev, kan

<sup>36</sup> Jf. oppl. § 9 A-4 andre leddet.

<sup>37</sup> Jf. oppl. § 9 A-5.

<sup>38</sup> Jf. Prop. 57 L (2016-2017) *Endringar i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)* punkt 5.5.2.3.

<sup>39</sup> Jf. Prop. 57 L (2017-2017) s. 5.5.2.3.



det også tenkjast at saka vil reknast som alvorleg. Det same kan vera tilfelle i situasjonar der krenkingane har gått føre seg over lang tid, utan at skuleleiinga har klart å løysa saka.

I *RefLex* svarer kommunalsjefen ja på spørsmålet om rektor varslar til skuleeigar viss det er ein tilsett som har krenkt ein elev, og at rektor varslar skuleeigar når det er tale om alvorlege tilfelle av mobbing. Kommunalsjefen nemner også at det for nokre år sidan var ei alvorleg sak der rektor informerte skuleeigar. Vi har ikkje innhenta meir informasjon om denne enkeltsaka, då dette fell utanfor rammene for tilsynet.

I intervjuet sa kommunalsjefen at rektor orienterer han om saker som er alvorlege, og saker der det er mistanke eller kjennskap til at tilsette har krenkt ein elev. På spørsmål om kva som er å informera og kva som er å varsla, svarte kommunalsjef at han blir informert i alvorlege saker.

På spørsmål om skuleeigar og skule har avklart forskjellen på varsling i saker der tilsette krenkjer og alvorlege saker, svarte rektor at skuleeigar skal ha melding anten det er ei alvorleg sak eller ei krenking utført av ein tilsett. På presiseringa vår om at 9 A-5-saker skal varslast, medan det i alvorlege saker er meir opp til rektor å vurdera når det gjeld når det skal varslast, svarte rektor at i alvorlege saker bruker han å varsla eller prata med kommunalsjef.

I intervjuet med rektor og kommunalsjef sa begge at saker som gjeld mistanke om tilsette som krenkjer og alvorlege saker, ville ha vorte teke opp omgåande på leiarnivå, og at dei har tett dialog seg imellom.

Når det gjeld dokumentasjon av varsel, svarte kommunalsjef at han noterer ned. Han viste til at han har fått varsel éin gong tidlegare, og at varselet vart dokumentert av han sjølv.

### **Vurderingane våre**

Basert på svara i *RefLex* og informasjonen vi har fått i intervjuet, vurderer vi at rektor er kjend med at skuleeigar skal varslast om alvorlege tilfelle og kva typar saker dette kan vera. Vidare er rektor kjend med at skuleeigar også skal varslast ved mistanke om, eller kjennskap til, at ein som arbeider på skulen har krenkt ein elev. Framgangsmåten blir ikkje omtalt i rutineane til skulen, men det er heller ikkje eit krav at skulen må ha ein skriftleg rutine for dette.

Skuleeigar og rektor viser begge til at dei har tett dialog med kvarandre om slike saker. Likevel ser vi at det ikkje synest å vera noko skilje mellom å informera og varsla skuleeigar. Når det gjeld varsel i § 9 A-5-saker, verkar dette avklart. Når det gjeld alvorlege saker, er dette meir vurderingsbasert og skuleeigar bør derfor vurdera om dagens praksis kan medføra at det oppstår uklarleik om skuleeigar får varsel eller berre blir informert om ei sak. I elevsakene som inngår i tilsynet er det ikkje dokumentert at rektor varslar skuleeigar i alvorlege saker.

### **Konklusjonen vår**

Rektor varslar til skuleeigar i alvorlege tilfelle og ved mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen, har krenkt ein elev.





### 2.2.5 Varslar alle som arbeider på skulen i tide, avhengig av alvorgraden til situasjonen?

Alle som arbeider på skulen skal varsle i tide, avhengig av alvorgraden til situasjonen. Forarbeida til oppl. kapittel 9 A viser til at vurderinga av kor raskt varslinga skal skje må gjerast frå sak til sak, og ta omsyn til formålet med regelen og at skulemiljøaker er tidssensitive. I nokre tilfelle er det nødvendig å varsle rektor straks, medan det i andre saker kan ventast noko lengre, til dømes til slutten av skuledagen eller til vekefaste oppsummeringar eller liknande.<sup>40</sup> Barnet sitt beste vil vera eit viktig moment i denne vurderinga.

Viss nokon som arbeider på skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen eller ein i leiinga i skulen krenkjer ein elev, skal dei varsle rektor/skuleeigar straks.<sup>41</sup>

#### Observasjonane våre

Det kjem fram ikkje eksplisitt av handlingsplanen kor raskt det skal varslast, utover at det står «kontinuerleg». Handlingsplanen har likevel eit avsnitt som heiter «prosedyrar ved krenkjande åtferd, diskriminering og rasisme», der det står at leiinga skal varslast dersom handlinga ikkje stoppar når den tilsette grip inn.

Alle dei tilsette har svart ja i *RefLex* på spørsmål om dei varslar til rektor så raskt som saka tilseier når det er mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Enkelte presiserer at dei ikkje nødvendigvis varslar til rektor i første omgang, men til avdelingsleiar eller kontaktlæraren til eleven det gjeld. Ein tilsett har kommentert i *RefLex* at vedkommande har jamlege møte med rektor, der dei diskuterer kva som rører seg i elevgruppa. I intervju uttalte dei tilsette at terskelen for å seia frå til rektor er låg, og at det også er lagmøte kvar veke der dei drøftar elevar dei er bekymra for. Tilsette har også utdjupe at dersom dei får direkte beskjed frå elev eller foreldre om at elev ikkje har det trygt og godt, går dei til rektor same dag. Nokre forklarte at viss dei har ei magekjensle, så vel dei å observera i klassen først eller snakka med eleven, og at det derfor er det vanskeleg å seia kor raskt det blir varsle. Fleire tilsette viste til at dei drøftar elevar/saker på lagmøta og viste til at lagmøtet kan brukast til å finna ut om dei skal varsle til rektor. Dei tilsette opplyste at rektor eller avdelingsleiar som regel ikkje er til stades på desse møta. Andre svarte at kor raskt dei varslar, avheng litt av omfanget, og at ein ofte seier frå til kontaktlærer eller avdelingsleiar, men ikkje så ofte til rektor. Andre tilsette fortalde at i dei tilfella der dei hadde varsle til rektor, var det foreldra til elevane som hadde teke kontakt. Dette varsle desse tilsette raskt til rektor.

#### Skjerpa aktivitetsplikt dersom tilsette krenkjer elevar

På spørsmål om tilsette varslar rektor straks ved mistanke eller kjennskap til at ein tilsett krenkjer ein elev, svarer alle tilsette ja i *RefLex*. I intervju viser dei til at dei veit at dei skal varsle rektor veldig raskt i slike tilfelle. Enkelte seier likevel at dei ville ha teke opp dette med den tilsette direkte, og ikkje varsle rektor.

Alle dei tilsette svarer ja i *RefLex* på spørsmålet om dei varslar skuleeigar straks dersom mistanken eller kjennskapen gjeld ein som jobbar i skuleleiinga. Skulen har ikkje behandla denne typen saker i perioden for tilsynet.

<sup>40</sup> Jf. Prop.57 L (2016–2017) Endringar i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø) punkt 5.5.2.3.

<sup>41</sup> Jf. oppl. § 9 A–5.



## Vurderingane våre

Handlingsplanen til skulen seier noko om at tilsette skal melda frå ved mobbing, krenkjande åtferd, einsame elevar eller elevar som kjem ofte i konflikt, men det står ikkje eksplisitt kor raskt det skal varslast. Varsling i saker der det er mistanke om at tilsette krenkjer, er ikkje omtalt, utover at lovteksten i § 9 A-5 er teke inn i planen.

Vi har under pkt. 2.1.4 i rapporten konkludert med at praksisen til skulen medfører at alle tilsette ikkje varslar rektor. På same måte meiner vi at kommunen og skulen sin rutine kan medføra at rektor ikkje blir i varsla tide. Hovudintrykket er at dei tilsette veit at dei i slike saker skal varsla raskt til kontaktlærar, avdelingsleiar eller rektor. Statsforvaltaren vurderer likevel at praksisen med at saker blir tekne opp i lagmøte før saka eventuelt blir varsla til rektor, kan medføra at det er vanskeleg å kontrollera om saker blir varsla raskt nok. Det er også inntrykket vårt at kven dei tilsette varsla til varierer, slik handlingsplanen også legg opp til. Dette kan etter vår oppfatning ha innverknad på kor raskt rektor får varsla. I lys av dette er det vår vurdering at kommunen og skulen ikkje har en rutine eller felles forståing for kor raskt det skal varslast. Det kan føra til at varselet ikkje alltid når fram til avdelingsleiar, rektor (og ev. skuleeigar) i tide. Det at enkelte tilsette undersøker nærare før dei varslar, vil også medføra at det blir varsla for seint.

Vår vurdering er at framgangsmåten til skulen medfører at ikkje alle saker blir varsla raskt nok.

### *Skjerpa aktivitetsplikt dersom tilsette krenkjer elevar*

Sidan det er særleg alvorleg dersom ein som jobbar på skulen krenkjer ein elev, stiller oppl. § 9 A-5 eit skjerpa krav til både varsling og tempo i saksgangen. Grunngevinga for at skuleeigar skal varslast er mellom anna at skuleeigar skal ha høve til å komma tidleg inn som arbeidsgjevar i desse sakene. Statsforvaltaren ser at skuleeigar og skulen ikkje har utarbeidd prosedyrar for kor raskt dei tilsette skal varsla rektor og skuleeigar i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett eller ein i leiinga i skulen står bak krenkinga av eleven. I lys av intervjuet er det vår oppfatning at dei fleste veit at det gjeld eit skjerpa tidskrav, og at dei fleste ville ha varsla rektor og skuleeigar straks i slike saker, men ikkje alle. Hovudintrykket er at dei tilsette veit at det gjeld eit skjerpa tidskrav i desse sakene, og i saker der det er mistanke om at nokon i skuleleiinga har krenkt ein elev.

### *Kommunen si tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Sjå kommentaren pkt. 2.2.1 s. 14.

## Konklusjonen vår

Alle som arbeider på skulen varslar ikkje i tide avhengig av alvorsgrada til situasjonen.

### **2.2.6 Dokumenterer skulen kva som blir gjort for å oppfylla varslingsplikta?**

*Skulen har plikt til å dokumentera kva som blir gjort for å oppfylla plikta til å varsla.<sup>42</sup> Opplæringslova stiller ikkje formkrav til varsla, og dei kan derfor vera skriftlege eller munnlege. Når det blir varsla munnleg må rektor sørgja for at varselet blir dokumentert, og at det finst på eit slikt format at det kan takast ut og overleverast til Statsforvaltaren dersom det skulle vera aktuelt i tilsyn eller ei sak i*

---

<sup>42</sup> Jf. oppl. § 9 A-4 sjuande leddet.



*handhevingsordninga. Dokumentasjonskravet vil også gjelda for skuleeigar i dei tilfella skuleeigar har ansvaret for å ta imot varslar.<sup>43</sup>*

### **Observasjonane våre**

På spørsmålet i *RefLex* om dei dokumentererer kva som blir gjort for å oppfylle varslingsplikta, svarer skuleleiinga og dei tilsette ja. Rektor viser til at skulen har eit eige skjema for å varsle (meldeskjema i handlingsplanen) og at varslingar i tillegg blir dokumenterte i VSS. Rektor fortel i intervju at dei har varslingskjemaet som ligg i handlingsplanen, men at dette ikkje blir brukt, og at varsling som regel skjer ved at tilsette melder frå til rektor. Når det gjeld dokumentasjon på at ein tilsett (lærer) har kome til rektor med ei sak, viser rektor til at han i slike tilfelle alltid kallar inn til eit møte med elev og føresette. Det vert ført referat frå de møta. Rektor seier vidare at dersom saka blir avslutta fordi føresette og elev seier at det er ok, så blir det loggført at rektor er varsla.

Rektor skriv i *RefLex* at det ikkje er meldt frå om mobbing på skjemaet, men at det har vorte ringt eller teke kontakt med skulen på annan måte. Rektor har lagt to notat ved svaret sitt. Dette er notat han har gjort i to saker der føresette har meldt ei skulemiljøsak til rektor eller kontaktlærer. Denne praksisen blir bekrefta i elevsakene vi har gått gjennom. I eit fleirtal av elevsakene vi har fått, ser vi at rektor har notert ned når han har fått varsel frå tilsette som har vorte kontakta av føresette eller når han sjølv har fått ei melding frå føresette om at ein elev ikkje har det bra. I desse tilfella er varslingskjemaet brukt.

I intervjuet stadfestar dei tilsette at dei ikkje bruker meldeskjemaet. Enkelte tilsette viser til at når dei har gått til rektor med ei sak, så har rektor skrive eit notat. Andre viser til at det blir skrive ned i VSS. Nokre viser til at dei ikkje brukar skjemaet, men at dei sjølve har skrive det ned eller snakka med avdelingsleiar, og at det då er det kontorpersonalet eller rektor som har skrive dette inn. Fleire tilsette viser til at det som blir gjort skal dokumenterast i aktivitetsplanen. Andre tilsette viser til at dei ikkje er involverte i dokumentering, men at dei reknar med at dette blir gjort av kontaktlærer eller leiing.

Når det gjeld saker der det er mistanke om at tilsette eller nokon i leiinga krenkjer elevar, ligg det ikkje føre skriftleg rutine for korleis desse skal varslast. Skuleeigar og rektor forklarar at slik varsling vil skje munnleg og kommunalsjefen seier at han i eit slikt tilfelle noterer ned det rektor seier. Kommunalsjefen viser til at dette har vore gjort i éi sak.

### **Vurderingane våre**

Det er Statsforvaltarens inntrykk at skulen har utarbeidd eit varslingskjema som skal brukast av skulen i skulemiljø saker som omhandlar oppl. § 9 A-4. Ein aktiv bruk av varslingskjemaet kan, slik vi vurderer det, vera med på å dokumentera varsla på ein formålstenleg måte. Det er også vår oppfatning at dei tilsette i ei viss grad er kjende med skjemaet, men at skjemaet likevel ikkje er i bruk ved Gol skule.

I eit fleirtal av elevsakene vi har fått, ser vi at rektor har notert ned når han har fått varsel frå tilsette som har vorte kontakta av føresette eller når han har fått melding frå føresette om at ein elev ikkje har det bra. I desse tilfella er varslingskjemaet brukt.

---

<sup>43</sup> Jf. Prop.57 L (2016–2017) Endringar i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø) punkt 5.5.7.3.



Slik vi oppfattar praksis, varslar dei tilsette i hovudsak rektor munnleg. Dette blir til ei viss grad dokumentert ved at rektor lagar eit notat eller ved at han kallar inn til eit møte med elev og føresette som så blir dokumentert. Notat, varsel eller handlingsplanar blir i hovudsak dokumenterte i VSS. Slik vi ser det, er denne praksisen sårbar og kan resultera i at eit varsel ikkje blir dokumentert dersom ei sak blir diskutert, men ikkje resulterer i ein aktivitetsplan.

På bakgrunn av det ovannemnde vurderer vi at praksisen til skulen dermed ikkje er i tråd med prosedyren til skulen/kommunen om at varslingskjemaet skal brukast. Vi vurderer at praksisen til skulen ikkje sannsynleggjer at alle varsel blir dokumenterte.

Skulen har ikkje utarbeidd ein skriftleg rutine for varsling i saker der det er mistanke om at ein tilsett har krenkt ein elev. Skuleeigar og rektor forklarar at slik varsling vil skje munnleg, og kommunalsjefen seier at han i eit slikt tilfelle noterer ned det rektor seier. Opplæringslova stiller ikkje formkrav til varsling og vi meiner difor at ein einskapleg forståing av framgangsmåten varetek lovkravet.

#### *Kommunen si tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Kommunen skriv at «dersom det like vel ikkje blir ein aktivitetsplan ut av den aktuelle saka, så er det fordi det er gjort ei vurdering av at dette ikkje er ei sak som treng oppfølging/treng aktivitetsplan, fordi saka er løyst. Dette går fram av notat/referat i VSS». Vi meiner det ikkje er motstrid mellom innhaldet i den førebels rapporten og svaret til kommunen. I førebels rapport peikar vi på at sjølve varselet ikkje blir dokumentert. Vi endrar difor ikkje konklusjonen vår.

I revidert *Trivselsplan* pkt. 3.3 og 3.6, er varsling og dokumentasjon av varsling no presisert og omfattar tilfelle der tilsette mistenkjer at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Kommunen må visa korleis endringa er gjort kjent for dei tilsette dette gjeld og korleis rutinen er implementert og teke i bruk.

I førebels rapport vurderte vi at skuleeigar og rektor hadde ei einskapleg forståing av framgangsmåten i saker der det er mistanke om at ein tilsett har krenkt ein elev som var tilstrekkeleg for å ivareteke lovkravet. Kommunen har i revidert *Trivselsplan* pkt. 3.9 no utarbeidd ein rutine for dette. Rutinen beskriv at den tilsette *observerer eller får kjennskap til*. Vi gjer merksam på at dette er ein høgare terskel enn kva lova krev. Kommunen må difor endra dette.

### **Konklusjonen vår**

Skulen dokumenterer ikkje kva som blir gjort for å oppfylle varslingsplikta.

#### **2.2.7 Undersøker skulen saka så raskt som saka tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?**

*Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøka saka.<sup>44</sup> Kor raskt saka skal undersøkjast, må vurderast opp mot kva som etter ein fagleg standard innanfor rimelege grenser kan forventast. Barnets sitt beste skal vera eit grunnleggjande omsyn i denne vurderinga.<sup>45</sup>*

<sup>44</sup> Jf. oppl. § 9 A–4 tredje leddet.

<sup>45</sup> Jf. Prop.57 L (2016–2017) *Endringar i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø)* punkt 5.5.5.



### **Observasjonane våre**

Rektor svarer ja på spørsmål i *RefLex* om skulen undersøker saka så raskt som saka tilseier. Han utdjuar svaret og skriv at dersom han får eit varsel, kallar han inn dei føresette til møte innan fem dagar. Omtale av hendingar blir lagd inn som bakgrunn i aktivitetsplanen og undersøkingar blir lagde inn som tiltak, før dei kan definera kva slags skulemiljøsak det er tale om.

Dei tilsette svarar bekreftande på spørsmål i *RefLex* om dei undersøker saka så raskt som saka tilseier. I intervjuet får vi inntrykk av at dei tilsette veit at skulemiljøsaker skal undersøkjast raskt, og fleire viste i intervjuet til møtet der rektor kallar inn føresette til møte ganske raskt etter at rektor får beskjed frå foreldre, eller blir varsla av ein tilsett om at ein elev ikkje har det trygt og godt.

I elevsakene vi har fått ser vi at det varierer kor mange dagar det tar frå rektor får varsel, til det første møte med føresette finn stad. I nokre av sakene manglar dateringar. Vi kan derfor ikkje sjå kor lang tid det går frå varsel til undersøking.

Handlingsplanen seier ikkje noko om kor raskt ei sak skal undersøkjast.

### **Vurderingane våre**

Det er Statsforvaltarens inntrykk at leiinga i skulen og tilsette veit at dei skal undersøkja saker raskt når det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Tilsette og leiing uttrykkjer at terskelen for å drøfta situasjonen rundt ein elev er låg og at dette blir gjort hyppig. Sjølv om rektor og tilsette viser til ei tidsramme på fem dagar når det gjeld undersøkingar, er det inntrykket vårt at dette dreier seg om å dagsetja møte og utarbeiding av tiltaksplan. Dette blir stadfesta i gjennomgangen av elevsakene i tilsynet. Vi meiner derfor at skulen har ein framgangsmåte for å undersøkja i tilfelle der tilsette på skulen får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt og at dette skjer raskt.

### **Konklusjonen vår**

Skulen undersøker saka så raskt som saka tilseier, dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

## **2.2.8 Undersøker skulen/skuleeigar saka straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein som arbeider på skulen?**

*I skulemiljøsaker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein som arbeider på skulen krenker ein elev, skal undersøkingar setjast i verk straks.<sup>46</sup> Også her er omsynet til barnets sitt beste eit viktig moment.*

### **Observasjonane våre**

I handlingsplanen står det ikkje kor raskt ein § 9 A-5-sak skal undersøkjast, utover at lovteksten i § 9 A-5 er teken inn i rutinen. I lovteksten står det står at undersøkingar etter § 9 A-4 skal setjast i verk straks.

Skuleeigar, rektor og tilsette ved skulen svarer ja på spørsmål i *RefLex* om skulen/skuleeigar undersøker saka straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein

---

<sup>46</sup> Jf. oppl. § 9 A-5.



som arbeider på skulen. Rektor utdjuar i *RefLex* at dersom ein tilsett blir skulda for brot på § 9 A-5, blir dette i tillegg behandla som ei personalsak med tilhøyrande tiltak i samsvar med personalhandboka. Vidare vil skulen innkalle til eit oppklarande møte med føresette og elev innan fem dagar. Skuleeigar utdjuar i svaret sitt at dei ikkje har hatt ei slik sak, men om det skulle oppstå ei slik sak, vil kommunalsjefen omgåande ta dette med kommunedirektør og personalsjef og deretter setja i verk tiltak overfor aktuelle elevar og tilsette. Skuleeigar svarer i intervju at dersom det er ei § 9 A-5 sak, då må ho handterast frå to kantar. Kommunalsjefen viser til ei fortidig sak der skulen handterte eleven og kommunalsjefen følgde opp den tilsette med tillitsvald og personalleiar mv.

Når det gjeld saker der ein i leiinga krenkjer, har skuleeigar ingen skriftleg rutine for korleis slike saker skal undersøkjast. Skuleeigar har lagt ved Etsiske reglar for tilsette i kommunen. Dei etiske reglane regulerer likevel ikkje § 9 A-5-saker, men seier noko generelt om brot på dei etiske reglane. Skuleeigar svarer i *RefLex* bekreftande på spørsmålet om skuleeigar undersøkker straks i slike saker. I intervju svarer skuleeigar at dersom nokon i leiinga hadde krenkt, måtte skuleeigar ta rektor si rolle på skulen, og då måtte kommunalsjef ha gripe inn på annan måte.

### **Vurderingane våre**

Skuleeigar og skule har ikkje utarbeidd ein skriftlege rutinar for framgangsmåten i ei sak der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein som arbeider på skulen.

Det er inntrykket vårt at rektor har fått få varsel i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at tilsette på skulen krenkjer elevar. På bakgrunn av intervju er det likevel hovudintrykket vårt at rektor og skuleeigar har ei felles oppfatning når det gjeld framdrift i slike saker, og at det skal undersøkjast raskt. Det er likevel uklart for oss om kommunen og skulen har ei einskapleg forståing av tidsaspektet i slike. Undersøkingar i slike saker skal setjast i verk straks. Statsforvaltaren vil påpeika at undersøkingar i form av eit «oppklarande» møte med elev (og føresette) innan fem dagar, i utgangspunktet ikkje vil vera raskt nok. Det er derfor vår vurdering at skulen ikkje undersøkker saka straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein som arbeider på skulen.

Skulen og kommunen har i tilsynsperioden ikkje hatt saker som gjeld kjennskap til eller mistanke om tilsette eller nokon i skuleleiing krenkjer elevar, og vi har følgeleg ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å vurdera praksisen til skulen og kommunen i slike tilfelle. Svara i *RefLex* og intervju gjer likevel at vi reknar det som sannsynleg at skuleeigar og skule ville ha undersøkt mistanke eller kjennskap til at ein i leiinga krenkjer ein elev, i tide.

### *Kommunen si tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Sjå også pkt. 2.2.1 s. 15. Kommunen har i den reviderte handlingsplanen laga ei rutine for saker der det er mistanke om at ein tilsett ved skulen, eller ein i skuleleiinga, krenkjer ein elev. Når det gjeld undersøkingar står det der at undersøking skal setjast i gang straks. Vi meiner skulen og kommunen no er samde om framdrifta i slike saker og at rutinen på dette punktet varetek lovkravet. Vi endrar difor konklusjonen vår.

### **Konklusjonen vår**

Skulen undersøkker saka straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev blir krenkt av ein som arbeider på skulen.



### 2.2.9 Gjennomfører skulen/skuleeigar dei undersøkingane som ut frå ein fagleg standard innanfor rimelege grenser kan forventast?

*Når undersøkingsplikta blir utløyst, skal skulen/skuleeigaren gjennomføra nødvendige undersøkingar. Dette inneber å sørgja for at det blir nok innhenta informasjon til å avdekkja kva som har skjedd, og om ein eller fleire elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Undersøkingane må ha som formål å få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for opplevinga til eleven og kva forhold i omgivnadene til eleven som påverkar korleis dei opplever skulemiljøet.<sup>47</sup> Skulen og skuleeigaren må sørgja for at involverte elevar blir høyrde.<sup>48</sup>*

#### Observasjonane våre

I handlingsplanen til skulen er det vist til aktivitetsplikta og dei fem delpliktene. Undersøkingar er vidare utdjupa og beskrivne til liks med rundskriv Udir-3-2017. Vidare er det i handlingsplanen, under «3.6 Prosedyrar ved påvist mobbing», nemnt mellom anna dialogisk samtale, kartlegging med personar som blir nemnde i samtalen, samtalar med mobbar(ne), oppfølgingssamtalar og evalueringssamtale. Avsnittet «3.7 Om mobbinga ikkje tek slutt» nemner samtaler og involvering av andre slik som PPT med fleire. Malen for aktivitetsplan nemner under undersøkingar samtalar med føresette, samtalar med eleven, undersøking/*Spekter*, gjennomgang av oppretthaldande faktorar i trinnmøte og oppfølgingssamtale med eleven.

Dei tilsette svarar ja på spørsmålet i *RefLex* om skulen/skuleeigar gjer dei undersøkingane som ut frå ein fagleg standard innanfor rimelege grenser kan forventast. I *RefLex* svarer rektor at ein del av det innleiande arbeidet i ein 9 A-sak handlar om å kartleggja behovet for vidare kartlegging. Dette kan til dømes vere elevsamtalar, elevundersøkingar som *Spekter*, eller skulen sitt skjema for systematisk observasjon.

Rektor fortalde i intervju at lærarane gjennomfører ein del undersøkingar, og at assistentane gjennomfører ein del observasjonar. På spørsmål om rektor går inn og sjekkar at dei tilsette faktiske gjer undersøkingane, svarte rektor at han føretrekkjer å vera med på møter knytt til skulemiljøsaker, inkludert i det møtet rektor kallar inn føresette til når han blir varsla. Rektor sa at han er med på alle møte når det er oppretta ei sak, og seier at desse møta også fungerer som kontrollorgan. Rektor forklarte at han nyleg oppdaga at ein avdelingsleiar hadde teke styring i ei sak sjølv, noko han syntest var bra. Han jobbar for og ønskjer at arbeidet med skulemiljøsakene skal involvera og ansvarleggjera dei tilsette og då spesielt kontaktlærarane som er tettast på elevane.

Dei tilsette svarte ulikt når vi spør om kven som har ansvaret for å bestemma kva undersøkingar som skal gjerast i den konkrete saka. Enkelte tilsette svarte at dei bestemmer dette sjølv, medan andre sa at det er rektor som bestemmer dette. I intervju sa enkelte tilsette at det første dei gjer ofte er eit møte med foreldre og elev, og så planlegg dei tiltaka ut frå kva som kjem fram. Dei uttalte vidare at dei kan sjå i handlingsplanen kva dei skal gjera. Andre tilsette sa i intervju at når dei har undersøkt i ei sak, har rektor kalla inn til møte med foreldre og elev, og så har ein kanskje vorte samde om å ha elevsamtalar. Observasjon og elevsamtale vart også nemnt av nokre av dei tilsette og andre svarte at dei løyser mykje ved hjelp av dialogisk samtale, men at det kjem an på kva sak

<sup>47</sup> Jf. Prop.57 L (2016–2017) *Endringar i opplæringslova og friskolelova (skulemiljø punkt 5.5.2.4.*

<sup>48</sup> Jf. oppl. § 9 A–4 femte leddet.



det er. Fleire viste til at det enkelte gonger var behov for arbeid på systemnivå, at ein då må gå breiare ut. Då er kanskje *Spekter* aktuelt.

I elevsakene vi har fått, ser vi at det blir gjennomført særleg eitt møte med foreldra, som er møtet rektor kallar inn føresette til så snart han får varsel om at elev ikkje har det trygt og godt. Det går vidare fram av dokumentasjonen at skulen har gjort undersøkingar i form av samtalar med eleven, medelevar og med føresette. I nokre saker kjem det fram med ei setning i aktivitetsplanen om at skulen på bakgrunn av nokre samtalar med føresette og ev elev har gått gjennom oppretthaldande faktorar. I ei sak ligg det også føre observasjonsskjema. I fleire av sakene ser vi at undersøkingane til skulen stort sett dreier seg om eitt, to eller tre møte med føresette (og mogleg samtale med elev), før sakene blir avslutta.

Når det gjeld saker der det er mistanke eller kjennskap til at ein tilsett krenkjer ein elev, svarer rektor i *RefLex* at det i møtet han har med føresette og elev blir avklart om det er behov for å oppretta aktivitetsplan eller om saka kan løysast i møtet. Dersom det er ønske om ein aktivitetsplan, blir første del av tiltaka å gjennomføra kartlegging.

Det kom frami intervju med skuleeigar at i saker der det er mistanke om eller kjennskap til at tilsett har krenkt ein eller fleire elevar, er det rektor som undersøker når det gjeld eleven og saka på skulen, medan kommunalsjef/skuleeigar handterer personalsaka som gjeld den tilsette. Skulen eller skuleeigar har ikkje utarbeidd ein rutine som gjeld behandling av slike saker.

Skulen eller skuleeigar har ikkje utarbeidd ein rutine som gjeld behandling av saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga i skulen krenkjer elev. I intervju sa skuleeigar, at i ei slik sak, ville han måtta takla saka på ein annan måte, og ta rektors rolle på skulen. Kommunalsjef sa at viss leiing krenkjer ein elev, ville han ikkje sitja med saka åleine, men kopla på kommunaldirektør og personalsjef, kanskje beredskapsteam. Kommunalsjef seier at han ikkje har hatt slike saker og at det derfor er vanskeleg å svara på korleis dei ville ha undersøkt ei slik sak.

### **Vurderingane våre**

Vi ser at skulen gjennom handlingsplanen til ei viss grad har utarbeidd rutinar for undersøking og angitt ulike undersøkingsmetodar. Handlingsplanen har fokus på samtalar med elev som ikkje har det trygt og godt, med føresette og med elevar som mobbar.

Statsforvaltaren oppfattar at formålet med undersøkingane til skulen er å finna ut kva som er bakgrunnen for opplevinga til eleven, inkludert underliggjande årsaker. Til liks med skulen meiner vi at samtalar i utgangspunktet er ein eigna undersøkingsmetode. Samtalar er eigna til å ivareta retten barnet har til å bli høyrd og utgjer eit grunnlag for vurderinga av barnet sitt beste. Vi vurderer også at slike samtalar er eigna for å få fram opplevinga til eleven, fakta om situasjonen og kva som ligg bak opplevinga til eleven.

I nokre av elevsakene vi har fått, ser vi at skulen har gjennomført eit eller fleire møte med føresette (og ev. elev). I ei av sakene er det gjennomført systematisk observasjon. I nokre av sakene ser vi at det er gjennomført samtalar med eleven som ikkje har det trygt og godt, og i ei av sakane også med andre involverte elevar. På bakgrunn av mangelfull dokumentasjon i sakene, er det likevel vanskeleg å seia om samtalepraksisen i undersøkingsfasen er eigna til å få fram bakgrunnen for opplevinga til eleven. Av same grunn er det også vanskeleg å vurdere om samtalar blir gjennomført





i alle sakene. I to av sakene har skulen ikkje vist til undersøkingar utover nokre få møte med føresette og e-postkorrespondanse. I malen for aktivitetsplan skisserer skulen om moglege tiltak, slik som å gå gjennom oppretthaldande faktorar i undersøkingsfasen i skulemiljøsaker og dessutan bruka *Spekter*. Desse metodane er i lita grad tekne i bruk på tilsynstidspunktet.

Vi meiner undersøkingsmetodane til skulen i utgangspunktet er eigna for å undersøkje skulemiljøsaker, men ikkje nødvendigvis tilstrekkelege. Vi meiner at skulen i praksis må utvida metodebruken sin der dette er nødvendig, tilpassa val av metode på bakgrunn av karakteren i saka. Skuleeigar må også bidra for å få dette på plass. Særleg gjeld dette saker der klasse- og skulemiljøet er ein medverkande faktor, og der utryggleiken botnar i relasjonelle og kontekstuelle forhold i og utanfor skulen, og som påverkar skulemiljøet til eleven. I slike saker vil kartlegging av relasjonar mellom elevane vera viktig. I lys av prosedyrane til skulen og enkeltsakene vi har fått, vurderer vi at undersøkingsmetodane som kjem fram av handlingsplanen til skulen, og dei metodane som skulen faktisk bruker i dag, ikkje alltid er eigna og tilstrekkelege for å få fram underliggjande årsaker i sakene.

Statsforvaltaren kan ikkje sjå at skulen eller skuleeigar har laga ei prosedyre for korleis saker skal undersøkjast der det er mistanke om at tilsette krenkjer elevar, under dette også dersom ein i leiinga krenkjer elevar. Det ligg heller ikkje føre enkeltsaker som gjeld § 9 A-5. Vi har derfor ikkje kunna vurdere enkeltsaker i samband med dette. Basert på informasjonen vi har fått gjennom intervju, vurderer vi at det er sannsynleg at skulen og skuleeigar ville undersøkt 9 A-5 saker på ein tilstrekkeleg måte. Vi vil likevel påpeika at skuleeigar bør ha ein bestemt rutine for slike saker.

#### *Kommunen sin tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Kommunen skriv i tilbakemeldinga si at lista over metodikk og metodar, knytt til undersøkingane, ikkje er uttømmende og at det heller ikkje er eit ønskje om det. Vidare skriv kommunen at i dei tilfella der *Spekter* ikkje er i bruk, er det etter ei vurdering av om det har vore nødvendig å nytta dette hjelpemiddelet. Dette er ikkje uttrykt eksplisitt i referat, men har vore ein innarbeidd sedvane. Kommunen er difor usemje med oss i konklusjonen og meiner metodane og systematikken for å følgja opp undersøkingane er innanfor fagleg forsvarleg standard.

Konklusjonen vår knyter seg ikkje aleine til kommunen sin rutine og kva som er nemnt i lista. I gjennomgangen av elevsakene såg vi at undersøkingane i hovudsak blir gjennomførte gjennom samtalar med føresette, elev og medelevar. Sakene er gjennomgåande svakt dokumentert. Vi meiner det ikkje er vesentleg om *Spekter* i denne samanheng står nemnt i lista. Utfordringa er at skulen i liten grad dokumenterer at han undersøker skulemiljøsakene breitt. Vi meiner skulen i desember (tidspunktet for førebels tilsynsrapport) ikkje hadde ein praksis der miljøfaktorane rundt eleven får ei viktig rolle, i tillegg til ei avklaring av korleis eleven opplever saka.

Konklusjonen vår byggjer også på at praksisen med at kontaktlærar gjer nokre av undersøkingane, kan føra til at miljøfaktorane ikkje blir undersøkte. Vi endrar difor ikkje konklusjonen vår.

Kommunen må visa korleis endringa er gjort kjent for dei tilsette dette gjeld og korleis rutinen er implementert og teke i bruk. Sjå kommentaren pkt. 2.2.1 s. 15.



## Konklusjonen vår

Skulen gjennomfører ikkje dei undersøkingane som ut frå ein fagleg standard innanfor rimelege grenser kan forventast.

### 2.2.10 Dokumenterer skulen og skuleeigar kva som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta?

*Skulen og skuleeigar har plikt til å dokumentera kva som blir gjort for å oppfylle plikta til å undersøka.<sup>49</sup> Opplæringslova stiller ikkje formkrav til dokumentasjonen, utover at han må vera skriftleg og finnast på eit slikt format at han kan takast ut og overleverast til Statsforvaltaren dersom det skulle vera aktuelt i tilsyn eller ei sak i handhevingsordninga.<sup>50</sup> Dokumentasjonskravet vil også gjelda for skuleeigar i dei tilfella skuleeigar har ansvaret for å ta imot varsel.*

Skulen har ingen skriftlege rutinar som seier noko om korleis skulen skal dokumentera kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta ut over eit eige skjema for aktivitetsplan. Dette er omtalt på s. 8 i handlingsplanen: *Skulen skal dokumentera kva som er gjort i ein aktivitetsplan. Aktivitetsplanen er eit levande dokument som skal utviklast og gjennomførast i samarbeid mellom elev, føresette og skula, og skal ta omsyn til det beste for eleven.*

## Observasjonane våre

Rektor og andre tilsette på skulen svarer ja på spørsmål i *RefLex* om skulen og skuleeigaren dokumenterer det som blir gjort for å oppfylle undersøkingsplikta. Rektor utdjupar dette i *RefLex* og skriv at det i første møte med elev og føresette blir avtalt kva undersøkingar som skal setjast i gang. Rektor skriv vidare at dette blir ein del av aktivitetsplanen sjølv om det på dette tidspunktet ikkje er gjort undersøkingar som stadfestar mobbing. Han viser til det han har lagt ved om dialogisk samtale og referat frå innleiande samtalar om systematisk observasjon.

I intervju svarte enkelte tilsette at dei dokumenterer ved at dei har eit skjema som dei dokumenterer i undervegs, og sikta til aktivitetsplanen. På spørsmål om korleis dei dokumenterer sjølve elevsamtalen svarte dei at han skal dokumenterast som ein logg eller i VSS, men at dei på dette punktet ikkje har gjort nok. Andre svarte at dei dokumenterer undersøkingar i boka si. Fleire tilsette viste til aktivitetsplanen og at mykje blir skriva inn der, og at aktivitetsplanen ligg tilgjengeleg for dei involverte i VSS. Atter andre svarte at dei loggfører observasjonar i ein perm, då dei ikkje har tilgang til VSS.

I eit fleirtal av elevsakene vi har fått er det notert at det er halde møte med føresette (og elev). I nokre av sakene ser vi at det er gjennomført samtalar med eleven og medelevar. Det er likevel berre i eit fåtal av sakene at dette er dokumentert. Samtalar med andre elevar er i lita grad dokumentert i sakene vi har fått. I nokre av sakene ligg aktivitetsplanar vedlagt, kor det kort kjem fram kva undersøkingar skulen har gjort eller hadde planar om å gjera. Når det gjeld notat frå observasjonar ligg dette føre i eit fåtal av sakene. Dokumentasjon frå *Spekter*, som står oppført i dei fleste aktivitetsplanane, er ikkje dokumentert i sakene.

<sup>49</sup> Jf. oppl. § 9 A–4 sjuande leddet.

<sup>50</sup> Jf. Prop.57 L (2016–2017) *Endringar i opplæringslova og friskolelova (skolemiljø)* punkt 5.5.7.3.



Skuleeigar har ingen skriftleg rutinar for dokumentasjon av saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett eller ein i leiinga står bak krenkinga. Skuleeigar svarar i *RefLex* at det i slike saker alltid vil bli ført logg og referat frå møte, og at denne dokumentasjonen vil bli journalført i saksbehandlingssystemet til kommunen (Elements) når det gjeld saker der tilsette er involvert, og i VSS når det gjeld elevane.

### **Vurderingane våre**

I tilsynet kjem det fram at kommunen og tilsette på skulen er kjend med at skulemiljøsaker skal dokumenterast. Samstundes kjem det til uttrykk at dokumentasjonskravet blir opplevd som utfordrande og at sakene derfor ikkje blir dokumentert i tilstrekkeleg grad.

Statsforvaltaren vurderer at skuleeigaren/skulen ikkje har tilstrekkelege prosedyrar for å dokumentera undersøkingar i skulemiljøsaker. Vi vurderer også at dokumentasjonen vi har fått i elevsakene er mangelfull og ikkje svarer til lovkravet. Det er viktig at Gol skule finn ein forsvarleg og formålstenleg framgangsmåte for å dokumentera arbeidet sitt.<sup>51</sup> Det er viktig at dokumentasjonen er i eit slikt format at skulen kan overlevera han til Statsforvaltaren i ei handhevingssak eller i tilsyn.

Når det gjeld dokumentasjon av undersøkingar i saker der tilsette eller nokon i leiinga krenkjer, er det inntrykket vårt at det ikkje ligg føre prosedyrar for dette. Vi har ikkje motteke saker der tilsette er mistenkt for å ha krenkt ein elev. Ut frå svar i *RefLex* og intervju, vurderer vi det som sannsynleg at skulen og skuleeigar ville ha dokumentert kva som blir gjort for å oppfylla undersøkingsplikta i § 9 A-5-saker.

#### *Kommunen sin tilbakemelding på førebels rapport og vår vurdering*

Sjå pkt. 2.2.1, s. 15, der vi vurderer endringane i handlingsplanen og kravet for å lukka dette brotet.

Vi meiner det er positivt at kommunen har teke inn krav til dokumentasjon i handlingsplanen. Dette inneber at det no, i motsetnad til i desember, ligg føre ei rutine som stiller krav til dokumentasjon. Dette endrar likevel ikkje vurderinga vår, sidan dokumentasjonen i dei enkeltsakene vi har motteke var mangelfull. Kommunen må visa korleis endringa i handlingsplanen er gjort kjent for dei tilsette dette gjeld og korleis rutinen er implementert og teke i bruk.

### **Konklusjonen vår**

Skulen dokumenterer ikkje kva som blir gjort for å oppfylla undersøkingsplikta.

## **3 Statsforvaltaren sine reaksjonar**

### **3.1 Pålegg om retting**

I kapitla ovanfor har vi konstatert at kommunen ikkje overheld regelverket på alle område. Vi pålegg kommunen å retta opp følgjande:<sup>52</sup>

---

<sup>51</sup> Jf. Prop. 57 L (2016-2017) punkt 5.5.7.3 og 10.1.

<sup>52</sup> Jf. kommunelova § 30-4.



- 1) Kommunen skal sikra at alle som arbeider på skulen, oppfyller plikta til å varsle ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen.<sup>53</sup>
  - a. Internkontrollen til kommunen må vera tilpassa for å hindra eller førebyggja brot på varslingsplikta og dokumentasjonsplikta.
  - b. Kommunen må avdekkja og følgja opp med korrigerande tiltak for å hindra eller førebyggja risikoen for at varslingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt.
  - c. Alle som arbeider på skulen må varsle, ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen.
  - d. Alle som arbeider på skulen må varsle i tide avhengig av alvorsgrada til situasjonen.
  - e. Skulen må dokumentera kva som blir gjort for å oppfylla varslingsplikta.
  
- 2) Kommunen skal sikra at skulen og skuleeigar oppfyller plikta til å undersøka saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, eller blir krenkt av ein som arbeider på skulen.<sup>54</sup>
  - a. Internkontrollen til kommunen må vera tilpassa for å hindra eller førebyggja brot på undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta.
  - b. Kommunen må avdekkja og følgja opp med korrigerande tiltak for å hindra eller førebyggja risikoen for at undersøkingsplikta og dokumentasjonsplikta ikkje blir oppfylt.
  - c. Skulen må gjennomføra dei undersøkingane som ut frå ein fagleg standard innanfor rimelege grenser kan forventast.
  - d. Skulen må dokumentera kva som blir gjort for å oppfylla undersøkingsplikta.

### 3.2 Oppfølging av pålegga

Kommunen skal setja i verk tiltak for å retta brot på regelverket omgåande. Når pålegga er retta, skal kommunen erklæra at retting er gjennomført og gjera greie for korleis det har vorte retta.

Frist for retting er **08.09.2023**. Vi vil ikkje avslutta tilsynet før kommunen, gjennom erklæringa og forklaringa, har vist at pålegga er retta.

## 4 Kommunen har rett til å klaga

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 første leddet bokstav b. Kommunen kan klaga på enkeltvedtaket.

Viss kommunen klagar, må det gjerast innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om brevet har komme fram til kommunen<sup>55</sup>. Kommunen sender klaga til oss. Vi har høve til å gjera om vedtaket. Viss vi ikkje er samde med kommunen, sender vi klaga til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

---

<sup>53</sup> Jf. oppl. §§ 9 A-4 og 9 A-5, og kommunelova § 25-1.

<sup>54</sup> Jf. oppl. §§ 9 A-4 og 9 A-5, og kommunelova § 25-1.

<sup>55</sup> Jf. forvaltningslova §§ 28 og 29.



Kommunen kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klaga er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet<sup>56</sup>.

Kommunen er part i saka og har rett til innsyn i dokumenta i saka<sup>57</sup>.

Statsforvaltaren i Oslo og Viken

Oslo, 12.05.2023

Stein Olav Febakke

Astrid Minutella Moe

Seniorrådgjevar og tilsynsleiar

seniorrådgjevar

---

<sup>56</sup> jf. forvaltningslova § 42

<sup>57</sup> jf. forvaltningslova § 18



## 5 Dokument

Følgjande dokument vart nytta under utføringa av tilsynet:

- Handlingsplan for å sikre elevane eit godt Psykososialt miljø på Gol skule
- Sjekkliste – krav i opplæringslova
- Tiltaksplan for å sikre et trygt og godt skulemiljø § 9 A-4 (mal aktivitetsplan)
- Arbeidsreglement for Gol kommune (Samarbeid formar framtida – me arbeider i Gol kommune)
- Kommunalt beredskapsteam mot mobbing (Arkivsak-dok.)
- Referat oppstartmøte i kommunalt beredskapsteam mot mobbing (30.11.2018)
- Saksprotokoll, Kommunalt beredskapsteam mot mobbing (20.11.2018)
- Risikokartlegging – eleven si oppleving av eit trygt og godt psykososialt skulemiljø
- Skuleeigar sitt system for internkontroll med skulemiljøet
- Skjema for systematisk observasjon, Observasjon av samspelet mellom elever
- Døme dialogisk samtale
- Etske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Gol kommune
- Gjennomlesing av handlingsplan til § 9 A (Excel)

I tillegg er det sendt inn eit tal elevmapper.

Informasjon frå nettsida til Gol kommune <https://www.gol.kommune.no/>

Følgjande dokument vart sende oss etter førebels tilsynsrapport:

- Handlingsplan for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø på Gol skule (revidert 26.01.2023)
- Skuleeigar sitt system for internkontroll med skulemiljøet
- Risikokartlegging – eleven si oppleving av eit trygt og godt psykososialt skulemiljø
- Risikokartlegging – skuleeigar



**STATSFORVALTAREN I OSLO OG VIKEN**

Postboks 325, 1502 Moss | [sfovpst@statsforvalteren.no](mailto:sfovpst@statsforvalteren.no) | [www.statsforvalteren.no/ov](http://www.statsforvalteren.no/ov)